


Gamle dagar i
SAMNANGER



Årbok 2015
Samnanger historielag

Gamle dagar i
SAMNANGER
2015

2015

Bokutforming: Svein O. Aadland

Trykk: Øystese trykkeri

Innhald

Knud Langeland - Frå omgangsskulelærer i Samnanger til redaktør i Chicago Av Øyvind Røen	side 7
Bokmelding Av Knute Nelson	side 29
Ein utvandrar sine minne frå livet i Noreg og Amerika Av Knud Langeland, til nynorsk ved Ivar Bård Aadland	side 33
Utdrag frå brev Av Anlaug Røen Hauge	side 59
Samnanger historielag 2015 Av Helge Hisdal	side 63

Føreord

I år handlar heile årboka om den utvandra samningen Knud Langeland (1813-88). Han var bondeson frå Langeland, men fann seg vel aldri heilt til rette med det harde livet på ein vestlandsgard og den store stands-skilnaden i samfunnet , eller «kastesystemet», som han kalla det. Han lengta etter bokleg lærdom og hadde vilje og pågangsmot til å koma seg bort frå bondelivet og ut i verda.

Øyvind Røen hadde eit føredrag om Knud Langeland på Utvandrar-dagane på Sletta, Radøy i juli 2013. I 2014 hadde han same føredraget – litt omarbeidd - for Pensjonistlaget her i Samnanger. Det er det me trykkjer her og som innleier historia om Langeland.

Mot slutten av livet sitt skreiv Knud Langeland ei bok som han kalla «Nordmændene i Amerika. Nogle Optegnelser om De Norskes Udvandring til Amerika.»

Andre delen av denne boka kalla han «En Udvandrerens Erindringer fra Livet i Norge og Amerika» og er ein kort sjølvbiografi. Ivar Bård Aadland har teke for seg denne delen og omsett han frå det litt tunge dansk-norske språket til nynorsk. Her får me mange interessante glimt frå oppveksten til Knud og dei harde kåra bøndene levde under den gongen.

Me trykkjer òg ein bokomtale skriven av den vidgjetne Knute Nelson.

Til slutt har me teke med nokre utdrag frå brev til og frå Knud Langeland. Svein O. Aadland har teke kopi av nokre av breva han fann i arkiva til NAHA (Norwegian-American Historical Association) i Northfield, Minnesota.

I årboknemnda 2015 har desse vore med: Ivar Bård Aadland, Knut Harald Frøland, Svein O. Aadland og Anlaug Røen Hauge.

Til neste år vil me helst truleg vera tilbake med ei «vanleg» årbok med småartiklar. Me får ikkje så stor respons på oppmodinga vår om å koma med stoff til boka, men me er svært takksame for det me får! Difor oppmodar me denne gongen også lesarane våre til å dela historiar og opplevingar frå farne tider med oss!

Anlaug Røen Hauge
-redaktør-



Knud Langeland
Frå omgangsskulelærer
i Samnanger
til redaktør i Chicago

På slutten av 1880-talet sit den gamle og sjuke Knud Langeland borte i Wisconsin og arbeider med ei bok som får tittelen *Nordmændene i Amerika*. Han rekk så vidt å få gje henne ut før han døyr i byrjinga av 1888.

Boka får to hovuddelar, der kronologien er snudd på hovudet: Den andre delen er ein kort sjølvbiografi om oppvekst og ungdom i Noreg, medan den første delen svarar meir til tittelen og fortel om norske emigrantar ifrå 1825 og framover. Det var i 1825 det første emigrantfølgjet kom frå Noreg. Men også i denne delen av boka handlar det mykje om Langeland sine eigne opplevingar. Han orsakar seg elles for at denne delen ikkje har vorte lengre og grundigare. Det er *paa Grund af min Helbredstilstand i den senere Tid*, seier han.

Langeland hadde nok difor først og fremst tenkt denne vesle boka som eit bidrag til det "norske" Amerika i pionertida, men boka gjev og interessante glimt av livet i bygdene i Midthordland frå 1820 og fram til 1840-talet. *Nordmændene i Amerika* kom ut i ny, tospråkleg utgåve i 2012 på "Astri my Astri publishing" i Indiana med føreord og ein kort biografi av norskamerikanaren Odd Lovoll, som har vore professor ved St. Olaf College i Minesota.



Den 27. oktober 2013 var det 200 år sidan Knud Langeland vart fødd. Han høyrer altså til den same fine årgangen som Ivar Aasen, Camilla Collett og Jørgen Moe.

Men er det grunn til framleis å minnst denne mannen som var fødd og oppvaksen i Samnanger? Ja, fleire av dykk har sikkert lese om han i bygdeboka til Nils Lauvskard og sett han er ein av lokale heltane våre. I USA høyrer han kanskje ikkje til dei aller største kjendisane i norskamerikansk historie. Men han har absolutt ein posisjon som ein dei viktigaste pionerane i den norskamerikanske pressa. Han var m.a. første redaktøren i *Skandinaven*, avisa som etter kvart vart den største norskspråklege i Amerika, ja i heile verda, - dvs. at opplaget var langt større enn det norske aviser hadde på same tida.

Dessutan kan Knud Langeland løftast fram som ein dei som reiste over havet av andre grunnar enn dei reint materielle. Me reknar liksom med at dei som for til Amerika, gjorde det for å skaffa seg ein betre leveveg. Men det var òg dei som reiste like mykje for at dei ville pusta i friare luft enn heime i gamlelandet.

Eg kjem i det eg skal seia vidare, naturleg nok til å bruka mest plass på barne- og ungdomsåra til Knud Langeland. Men det er òg eit interessant spørsmål om det er noko i Samnanger-bakgrunnen hans som kan forklara at Langeland vart ein viktig pressemann i Amerika.

Langeland i Samnanger

Då eg var ute på Sletta med føredraget mitt, måtte eg presentera Samnanger litt. Det treng eg ikkje her, men det kan likevel vera greitt å minna om nokre punkt ifrå historia og geografien i bygda vår. Samnanger har vore eit eige kyrkjесokn sidan mellomalderen, men frå reformasjonen, og framleis på Knud Langeland si tid var Samnanger sokn ein del av det store "Ous prestegjeld". Dette var òg identisk med det som i 1837 vart Os kommune som då omfatta det som i dag er dei tre kommunane Samnanger, Os og Fusa.

På første delen av 1800-talet fanst det ikkje køyreveggar i Samnanger, og fjorden var sjølvsgat den viktigaste ferdselsåra. Men haust og vår

kunne då som no vera ”meinsis” (is som ikkje bar), slik at det heller ikkje var farande sjøvegen.

Under er eit flyfoto av Langeland frå 2007. Då Knud Langeland vaks opp, låg husa i klyngjetun der pila er plassert på biletet. Det er altså der som dagens Knud Langeland bur. Her låg nok husa trygt for den mektige Storelva som kunne fløyma vidt utover.



Knud Langeland hadde elles ein onkel som drukna i elva i vaksen alder då han prøvde å koma over med båt. Faren, dvs. farfar til Knud, stod og såg på, vert det fortalt. Etter det greidde han ikkje bu på Langeland og flytta til fjells. Han var den første som rydja seg gard og budde på Nyutløtræ.

Garden Langeland har vore rekna som ein av dei beste i Samnanger (høg landskyld), men han var oppdelt i fleire bruk, slik mest alle vestlandsgardar er, og eg veit ikkje kor mykje dyrka areal det var på den parten Knud vaks opp på. Han klagar iallfall i boka si over at innmarka var lita, men akkurat det kan no vera sett gjennom prærie-briller, 60-70 år seinare.




Her er eit bilete som også viser nabogardane: Tveit er midt i biletet, Tonæ lengst til venstre og Langeland til høgre. Dei tre gardane vart seinare på 1800-talet eigen skulekrins som fekk vegutløysing i 1880-åra. Men på Knud Langeland si tid var denne grenda berre knytt til fjorden og omverda med gang- og rideveggar (reislevegar). Likevel, trass i at dette ikkje var den mest sentrale grenda i Samnanger, ser det ut til at her var rom for andre interesser enn matstrevet tidleg på 1800-talet, sjølv om ein ikkje får mykje inntrykk av det når ein les *Nordmændene i Amerika*. I Tonæ budde dei som var opphavet til den vidgjetne Os-stilen i rosemålinga. På Tveit budde Johannes Bårdsson, som laga tveitafelene eller samningafelene; hardingfeler som var vidgjetne i si tid. Johannes var elles oldefar til Harald Sæverud.

På Langeland vart det mest det boklege som stod i sentrum, og det var noko som hadde følgd slekta til Knud Langeland.

Slekta

Bygdeboka for Samnanger seier om oldeforeldra på farssida at dei var dei første på den sida som busette seg på Langeland: *Peder og Anna*

Slektstre



Langeland var dugande folk, og fleire menn i ætti etter dei hev vore uvanleg gåverike og mykje opplyste framstegsmenn. Me skal sjølvsagt vera varsame med lettvinde teoriar om evner som går igjen i ei slekt. Men det er rett at fleire i denne slekta har merkt seg ut på ulikt vis.

Far til Anna Langeland var Peder Hansson Tysse, eller ”Per Tøsse” som han vart kalla blant bygdefolket. Per/Peder, som då altså vert tippoldefar til Knud Langeland, var ein av dei mest vidgjetne mennene i Samnanger i tida før 1800. Han var presteson frå Fusa, men vart ein slags kaksebonde i Samnanger. Til slutt åtte han ti gardar i Samnanger, og Langeland var éin av dei.

Det knyter seg fleire soger eller segner til Tysse-Per’n. Men mest kjend vart han i samband med at dottera Anna vart gift med den svenske krigsfangen Nils Stålby (den store nordiske krigen). Det er skrive ei lita bok om denne dramatiske og romantiske historia. Her skal eg berre nemna at Nils Stålby og Anna hadde åtte born, men at Nils døydde relativt ung. Anna, som var ei nokså velstående enkje på 34 år, vart så gift med den ni år yngre Peder Langeland, og Anna fekk endå tre born. Peder, bestefar til Knud Langeland, var den yngste av desse. Han var òg gift to gonger. Knut (Knud), far til Knud Langeland, var frå det første ekteskapet. Nils Langeland, ”Skule-Nils’n”, som eg kjem attende til, var frå det andre.

Dei andre namna som er utheva her i ættetavla over, utanom Nils og

Knud, er ein nevø og ein son til eit søskenbarn. Dei følgde begge i fotspora til Knud med å verta lærarar og klokkarar i Samnanger. Lars Nordvik var òg den første samningen som var ordførar i gamle Os kommune. Her ser me altså døme på at det var fleire i slekta som merkte seg ut.

Når det gjeld morsslekta til Knud Langeland, hadde ho halde til på Langeland, iallfall sidan slutten av 1500-talet. Knud Langeland var altså av bondeætt gjennom fleire generasjonar.

Foreldra til Knud Langeland var dermed frå det same tunet, men var ikkje nærslekta. Dei vart gifte i 1790. Faren, Knut/Knud, var 24 år, mora, Magdela, berre 20. Den delen av Langeland som dei brukte, var farsgarden til Magdela, og det var bror hennar som fekk han i arv. Men han gifta seg med ei jordejente på Steinsland. Dermed fekk Knut og Magdela bygsla gardsparten. Det tydde at garden ikkje gjekk i arv til borna deira, men til nevøen.

Knud Langeland fortel ikkje svært mykje om foreldra sine. Faren, som altså også heitte Knut/Knud, døyddde i 1827 då Knud d.y. berre var 13 år gammal. Knut d.e. hadde tydelegvis gode teoretiske evner. Han skreiv og las godt, og prøvde å læra seg tysk, hadde jamvel ein tysk bibel. Så her hadde "Vetle-Knut'n", som han nok vart kalla, eit visst førebilete når det gjaldt bokleg lærdom. Han fortel då òg korleis faren i dei siste leveåra sine prøvde å gje han ekstra undervisning.

Mora, Magdela Monsdotter, sat med garden nokre få år etter at ektemannen døyddde, til nevøen overtok. Magdela døyddde ikkje før i 1858, det året ho fylte 88.

Barndom

"Vetle-Knut'n" var minstemann i ein søskenflokk på ni. Av dei ni vart ingen buande på Langeland sidan dei som sagt ikkje hadde automatisk rett til å overta farsgarden. Fem av søskena hamna etter kvart i Amerika. To av desse var med i den vidgjetne Ægir-ferda, som eg kjem litt tilbake til. Dei andre fire søskena vart buande på gardar i Samnanger, og det er mange etterkomarar etter dei i bygda. Her er søskenflokken:

1. Sigrid 1791 – Budde i Haukaneset.
2. Mons 1793 – Budde på Ådland. Til USA 1837.
3. Hans 1797 – Budde i Nordvika. Til USA 1859.
4. Magdela 1800 – Budde i Nordvika. Til USA 1837
5. Marita 1802 – Budde i Børdalen
6. Peder 1806 – Budde i Nordvika. Til USA 1845
7. Anna 1808 – Budde i Juvika
8. Peder 1809 – Budde på Ådland
9. **Knud 1813 – Til USA 1843**

Sidan ”Vetle-Knut’n” var yngstemann, vart han tidleg den næraste handhjelpa til den noko aldrande faren. Knut d.e. var 47 då yngste sonen vart fødd.

Nordmændene i Amerika gjev eit nokså krast bilete av slitet for å overleva. Knud Langeland fortel t.d. om strevet med å henta for heim frå utslåttene for å berga dyra gjennom vinteren. Her gjev han eit tydeleg spark til det nasjonalromantiske biletet som vart skapt nettopp i hans unge år. Han nemner Wergeland spesielt.

Utanom ei meir generell skildring av det harde livet i ei vestlandsbygd fortel Knud Langeland om nokre einskildepisodar: Eg skal gje ein liten smakebit frå boka hans. Her får me vita at motepresset alt hadde nådd ut på bondelandet i 1820:

Jeg kan ikke sige med Vished, hvor langt jeg mindes tilbage. Den første Begivenhed, som har paatrykt sig Erindringen med et uudsletteligt Præg, er da jeg blev vænnet fra Moderbrystet, og da var jeg vist omkring tre Aar gammel. Den næste Episode, som jeg klart erindrer fra den tid, er da min Søster en Søndag havde vovet at klippe mit lange Haar, som Moder holdt saa meget af; det var nu nemlig kommet paa Mode at lade sit Haar klippe, og Søster likte ikke, at jeg skulde være anderledes end de andre Smaadrenge; men Moder vilde ikke give sit Samtykke: Da jeg hin Søndagsaften kom hjem minus mit lange Haar, græd min Moder. Det var første Gang jeg havde seet hendes Taarer, og

Indtrykket deraf har Tiden ikke formaaet at udslette af Mindets Tavle.

Det me elles må merka oss i den kortfatta skildringa som Knud Langeland gjev av barndom og ungdom, er det han skriv om den sosiale urettferda som han tidleg vart medviten om. Han gjev denne skildringa:

Jeg voxte op paa et Sted, hvor jeg havde Anledning til at se Præstens, Sorenskriverens, Kompanichefens og Landhandlerens unge Sønner oplæres under en Huslærer (Kandidaten, som vi kaldte ham), og det var uidentivl Synet af disse velklædte, sorgløse, muntre Drænge, der intet andet havde at bestille end at lege og samle Kundskaber, som først gjorde, at det smertelige Spørgsmaal, lig det skarpe Staal, trængte sig frem til mit unge Hjærte: "Hvad har jeg gjort, og hvad har disse gjort, at der skal være saa stor en Forskjel mellem os?" Og naar de saa haanede mig og raabte: "nei, se han!" naar jeg bøiet og kroget under en svær Byrde gik med Næsen mod Jorden, da græd jeg og bandte og forægedes.

Jeg har ofte senere seet tilbage paa denne Scene som det første egentlige Eftertankens Lysglimt i den mørke forkuede Sjæl, og selv i denne Stund tror jeg fuldt og fast, at Forsynet i sin Visdom vendte til det Gode, hvad disse Herremandssønner tænkte til det Onde; thi uagtet jeg i min Forargelse i mit Hjerte anklagede Gud for Uretfærdighed, bevarede han mig dog fra Fortvivlelse og gav mig Mod og Kraft til i en vis Grad at overvinde og Taalmodighed til at bære en haard og ubarmhjertig Skjæbne.

Dette må visa til ei bestemt hending, for til dagleg hadde ikkje Knud Langeland nærkontakt med born frå overklassen. Det fanst ikkje fastbuande embetsmenn eller kjøpmenn i Samnanger på denne tida. Men sikkert er det at slike opplevingar prega Knud Langeland sitt syn på verda og viste seg igjen i dei haldningane han mange år seinare gav uttrykk for i avisartiklane sine.

Gode og dårlege lærarar

Skulen stod sentralt i livet til Knud Langeland, sjølv sagt mest i den tida han var elev og seinare lærar, men også som avismann i Amerika var han svært oppteken av skulevesenet.

Fram til den tida at det vart obligatorisk med lærarutdanning, dvs. at alle skulle vera seminaristar, som det heitte, var statusen for dei norske lærarane jamt over låg. Ja, vanlege folk hadde lita tiltru til skulen i det heile. Dei såg gjerne på skulen som eit heft og ein pengetjuv. Lærarane var ofte lite dugande, og på Knud Langeland si tid var skulen i Samnanger og heile Os prestegjeld i forfall. Soknepresten brydde seg ikkje om å føra tilsyn med skulane, endå sjølvaste biskopen i Bergen prøvde å strama han opp på dette feltet.

Knud Langeland gjev eit mørkt bilete av eigen skulegang og fortel om ein lærar som var krøpling både på sjel og lekam. Denne læraren meinte det var syndig at bondeborn ville læra å rekna og skriva, og dei skulle ikkje lesa anna enn Bibel og postill. Dermed kunne læraren ta det makeleg, og Langeland nemner at læraren sovna fleire gonger for dagen i skulestova. Bygdeboka fortel at eit tilnamn på bygda var ”Brakalensmannen”, og det seier sjølv sagt noko om disiplin-metodane han nytta.

Men i desse om lag hundre første åra av skulesoga i Samnanger var det tre lærar som merkte seg ut med store evner, både teoretiske og pedagogiske. Knud Langeland, som vart den tredje i rekkja, hadde altså lokale føredøme å strekkja seg etter då han tok fatt på lærararbeidet:

Den første av desse heitte Hans Børdal som fekk nærmast legendestatus. Dei fortel om han at han tok initiativet til det som har vorte kalla den siste Strilekrigen. Skule-Hans'n kunne skriva like godt med begge hendene, men var framfor alt flink til å rekna. Dei gamle fortalde at han hadde rekna ut når hans sjølv skulle døy – og la til: ”Skal tru nokon av dei nymotens lærarane greier slikt no?”

Men det var nummer to i denne rekkja av spesielle lærarar som hadde direkte innverknad på Knud Langeland. Dette var farbroren Nils Langeland, Skule-Nils'n. Han hadde ei livshistorie som likna det Knud Langeland seinare opplevde. Nils kom til Bergen i ungdomen

og vart m.a. kjend med Lyder Sagen som me hugsar som læraren til Welhaven.



Lyder Sagen

Sagen og andre må ha vore fascinerte av den uvanleg gåverike bondeguten, og gav han noko privatundervisning. Nils hadde von om å studera, men som Knud Langeland skriv, måtte han slutta på halvvegen, og han vart lærar i Os. Men han var litt for lite varsam med å uttala seg om teologiske spørsmål, slik at det var folk som klaga han til presten, både for det eine og det andre. Nils måtte slutta som lærar endå presten sjølv sa han ville vore sjølvskriven til klokkarposten i hovudsokna Os dersom ikkje det hadde kome slike klagemål.

I ein periode han hadde fri, heldt Skule-Nils'n eit 14 dagars skrive- og reknekurs heime på Langeland. Ein av dei sju-åtte elevane var nevøen, Knud Langeland. Dette korte kurset gav Knud meirsmak på bokleg lærdom. Og etter han var konfirmert, prøvde han å følgja draumen om å verta noko anna enn bonde. Lærar ville han eigenleg ikkje verta. Vona var å gå på handelsskule og verta kontormann eller handelsmann av eit eller anna slag. Farbroren tok han difor med til Bergen og presenterte han for dei gamle venene sine, men denne gongen var det ikkje mykje hjelp å få. Lyder Sagen kom denne lite oppmuntrande utsegna: *En Kjøbmand uden Penge og en Violin uden Strengne ligne hindanden meget.*

Då Knud likevel prøvde seg med å flytta til Bergen for å seg ei utanning, fekk han til slutt noko hjelp av ein lærar ved Christie Krybbe skole. Det førte ikkje til ein eksamen av noko slag, men Knud Langeland samla ein del kunnskapar, og fekk prøva seg som lærar ved ”Krybben”. Ved eit slikt høve kom ein av tilsynsmennene ved skulen, ein prest inn og gav streng beskjed om at det måtte verta slutt på slike påfunn: *Væk unge Mand; vi opplærer ikke Bønder til Skolelærere her!*

Lærar, klokkar og vaksinatør

Det vart altså ingen karriere i handelsnæringa for Knud Langeland, iallfall ikkje i første omgang. Han søkte stilling som lærar og vart samstundes den første klokkaren eller kyrkjesongaren i Samnanger.



Kyrkja på Ådland i 2001. Ferdigbygt 1851, etter at Knud Langeland var komen til Amerika. Kyrkja som Langeland var klokkar i, stod på same staden og var bygt på 1600-talet.

Skulelova frå 1827 fastsette at alle kyrkjer skulle ha ein kyrkjesongar og at denne også skulle vera lærar. I tillegg til det han fortel sjølv, er det òg andre vitnemål om at han vart sett på som ein uvanleg flink lærar. Biskop Neumann skryter i visitasrapportane sine av at skulane er i god framgang i Os prestegjeld. I 1839 nemner han særskilt klokkaren i Os og Knud Langeland som *meget velskikkede til deres Bestilling, da de både er utrustede med gode Anlæg og røber Lyst og Sans for Skolevæsenet*. Sjølv fortel Knud Langeland om at skulekrinsen hans fekk premie for å vera den beste blant dei 15 omgangsskulane i prestegjeldet.

Attåt klokkar- og lærararbeidet vart Knud Langeland også vaksinatør for heile prestegjeldet, tilsett av regjeringa faktisk. Denne stillinga tok han over etter onkelen, Skule-Nils'n. Den vaksinen det er snakk om her, er naturlegvis koppevaksinen som frå 1810 var pålagt alle og ein føresetnad for å verta konfirmert. Knud Langeland brukte sommarferiane til dette arbeidet.

I lærartida hadde han ein ”studietur” utanlands. Bøker var ikkje lenger nok, han ville sjå verda, seier han sjølv. I 1835 tok han fri frå skulearbeidet eit halvt år og reiste til fleire stader i Nord-England, bl.a. Newcastle. Han hadde byrja å læra engelsk før han reiste og kom heim att med nokså god meistring av språket. Men viktigast, seier han sjølv, var smaken av den store verda og mogelegheitene han såg til å verta noko meir enn lærar.

Mora og søskena hadde liten sans for at Knud sløste pengane bort på reising og bøker. Lærarkarrieren såg dei heller ikkje noko særleg framtid i. Han burde bruka pengane til å kjøpa ein gard og dermed eit trygt liv, meinte dei. Men Knud ville ikkje høyra på dette. Lærarkarrieren hans vart likevel ikkje så langvarig. Sameleis som farbroren fekk han folk imot seg.

Frå lærar til forretningsmann

Det var ikkje direkte det han gjorde eller sa i skulestova som etter kvart skapte vanskar for Knud Langeland. Motstanden kom då han prøvde å skipa eit ”leseselskap”. Dette var nærmast eit slags bibliotek,

men i form av ei foreining (30 medl.) som betalte inn pengar slik at ein kunne kjøpa inn bøker. Knud Langeland seier dei brukte ei liste som Henrik Wergeland hadde utarbeidd for soknebibliotek. Langeland ramsar opp dei bøkene han hugsar. Her er nokre døme:

Sverdrups Magazin

Norges offentlige Ret

Platous Geografi

Primons Lexikon

Det viktigste av Naturlæren

Filosofi for ulærde

Pauludans Raad for Syge

Husdyrenes Behandling

Almanakmanden

I dag verkar det utruleg at desse bøkene skulle vera problematiske, men for mange var det gale nok at bøkene formidla verdsleg kunnskap og at det ikkje fanst gudsord i dei, men Langeland trekkjer særleg fram ei bok om astronomi, den siste på denne lista, som fortalde at sola ikkje gjekk rundt jorda, men at det var omvendt. Når éi av bøkene inneheldt slik vranglære, kom alle bøkene og heile leseselskapet i eit dårleg lys. Og som ei følgje av dette vart også kvardagen i skulen vanskelegare for Knud Langeland: *min Gjerning i Skolen blev derved stillet i en Skygge, som paa flere Steder gjorde det koldt og uhyggeligt.*

Knud Langeland sine overordna, altså prestane, hadde vel ikkje mykje sans for desse folkelege fordommane, men dei la seg ikkje ut med allmugen i utrengsmål. Kapellanen i prestegjeldet hadde vore ei viktig støtte for Langeland, men no stilte han ikkje opp. Medverkande til dette var at Langeland ikkje hadde rådført seg med kapellanen før han sette i gang leseselskapet og kjøpte inn bøker.

Attåt dette kom det ut at Knud Langeland hadde kritiske meiningar om dei sosiale tilhøva i samfunnet, ”kastevesenet” som han kallar det i boka si. Langeland står då igjen med motstand både ovanfrå og nedanfrå i samfunnet, og bestemmer seg for å prøva noko anna.

Knud Langeland seier at det var den gamle draumen om å verta

næringsdrivande av eit eller anna slag som attåt motstanden han fekk i arbeidet, fekk han til å slutta som lærar. Han hadde alt før den tid kjøpt halvdelen av ei jekt og hatt partar i handelsføretak. Så dreiv han med dette på heiltid to-tre år og prøvde seg som jekteskipper. Han framstiller dette livet slik: *Handelens og Søfartens skiftende Scener og Storme lovede en langt mer uinnskænket Tumleplads for en Aand, som aldrig var tilfreds uden en rastløs Bevægelse.* Knud Langeland fortel ikkje anna om desse åra enn at det gjekk opp og ned med forretninga. Pengane kom og gjekk, og mangelen på den store suksessen gjorde at tanken på Amerika dukka opp. Eller rettare sagt: dukka opp igjen.

Draumen om Amerika

Knud Langeland fortel i boka si at han fekk interessa for Amerika gjennom ei tysk bok som heitte *Reiser i Amerika*. Denne las Knud 16 år gammal, altså ca. 1830, då han budde i Bergen. Her vil eg ta med eit utdrag igjen, eit av dei mest fornøyelege avsnitta i boka: Han skriv at denne tyske boka vart lesen *med en Romans Tilløkkelser. Her var udførlig Besked om den tydske Udvandring til Amerika. Med denne Rejsebeskrivelse i Lommen drog jeg en tidlig Sommermorgen bortover Solemsviken og opefter Lyderhorns bratte Sider.*

Deroppe læste og drømte jeg om den nye, underlige Verden langt borte i Vesten. Taagen havde sænket sig ned over Fjordene, mellem Øerne ved Bergensleden, men deroppe om Bjergets Top var det klart Solskin. Det var første Gang jeg saa dette for Bjergegnene særegne, herlige Syn. Har min prosaiske Natur nogensinde været paavirket af poetisk Inspiration og Løftelse, var det i denne Stund, medens Øiet skuede ud over Taagens solbelyste Flade og i det fjerne Vesten skimtede Nordhavets blanke Skjold, der syntes at hæve sig i lige Høide med Fjeldet. O, hvorfor kommer slige Øieblikke saa sjelden i det almindelige Menneskes liv! Og langt ude mod Vest, tusinder av Mile derude, ligger det Land, hvorm jeg læser, ligger den store, endnu saa lidet bekjendte Verdensdel, med sine Hemmeligheder og sine Undere. Til dette Lyspunkt i mit Livs tidlige Foraar knytter sig altså mine

første Erindringer om Amerika, om det Land, som nu i næsten et halvt Aarhundrede har været mit andet Fødeland.

Langeland fortel vidare at han etter denne voldsomme opplevinga byrja å samla på alt skriftleg materiale om Amerika som han kom over. Sameleis fanga han opp alle munnlege forteljingar som etter kvart byrja å koma om Cleng Persson sine reiser. Kunnskapen om Amerika auka både hos Langeland sjølv og dei han hadde kontakt med. Med kvart byrja somme så smått å tenkja på å gjera den lange reisa sjølve. Endå det var sterke autoritetar som åtvara mot utvandring. Langeland skriv:

Da var det, at Bergens Bisp skrev sit Hyrdebrev til de bergenske Bønder over Texten: "Bliv i Landet, ernær dig redelig!" Hvadenten han glemte det eller han ikke ansaa det passende for Anledningen, nok er det, han anførte ikke det andet Skriftens Bud: "Vorder frugtbare, formerer Eder og opfylder Jorden." Dette sidste havde Bønderne holdt fast paa: de fleste af dem havde talrige Familier, og da Jorden derhjemme var meget vel opfyldt, medens de nu hørte, at en stor Del af den nye Verden endnu var folketom, besluttede de at blive Bispens Raad u lydige og drage til det nye Kanaan, som flød i Melk og Honning.

Men sjølv om Knud Langeland var ein av dei første i Samnanger som byrja å drøyma om Amerika, var han ikkje den første som reiste. Derimot reiste 37 andre samningar i 1837 med båten Ægir. Her var då onkelen Nils Langeland, Skule-Nils'n, men og to av søskena til Knud; alle med store familiar. Om denne velkjende amerikaferda skal eg berre nemna at ho har vorte motivet for ein roman som Svein Oldervoll Aadland gav ut i 1989. Her fortel han m.a. om dei dramatiske hendingane i Beaver Creek i Illinois der samningane og andre først slo seg ned og oppdaga for seint at dei budde midt i eit sumpområde som gav klimafeber. Mange av nybyggjarane døydde, og dei attlevande reiste vidare, nokre til Wisconsin.



I Amerika

Sjølv reiste Knud Langeland til Amerika i 1843, 30 år gammal, etter det nemnde mellomspelet som forretningsmann og jekteførar. Han busette seg i Wisconsin, som i 1840-åra var hovudmålet for emigrasjonen frå Noreg. Her fekk han seg farm i Racine county, heilt i det søraustre hjørnet av Wisconsin.

Broren Mons hadde slege seg ned i dette distriktet då han flytta frå Beaver Creek.

Knud Langeland fortel ingenting om kone og born i boka si, men frå andre kjelder veit me at han gifta seg i 1849 med Anna Hatlestad. Ho og familien kom frå Skjold i Ryfylke, no Vindafjord kommune. Dei hadde emigrert i 1846. Anna levde til 1908. Knud og Anna fekk 8 born.

Dette var det eg visste om Knud Langeland og ekteskap i fjor (2013) då eg først laga føredraget, men så kom det i sommar heilt nye opplysningar. Ein etterkomar, nærare bestemt tippoldebarnet til Mons Langeland Ådland, altså broren til Knud, kom på besøk til Samnanger. Denne mannen, Jim Mason heitte han, hadde forska mykje på si eiga slekt. Han var nokså sikker på at Knud Langeland hadde vore gift ein gong før han vart gift med Anna Hatlestad. Det var i seg sjølv ikkje så oppsiktsvekkjande, men Jim Mason meinte denne første kona var Magdalena, dotter til Mons. Dvs. at Knud var gift med si eiga brordotter eller niese. Dette må i så fall ha vore lov i Wisconsin.

Knud nemner sjølv i boka si at han ikkje så lenge etter han kom til

Wisconsin, reiste lenger vestover, til grensa mellom Columbia county og Dane county, men at han berre var der ei kort tid. Jim Mason meiner då at grunnen til at Knud reiste, nettopp var giftarmålet med Magdalena, som i all fall må ha vore temmeleg skandaleprega, ville vel me ha sagt. Men kjeldene til Mason seier at Magdalena døydde kort tid etter at ho hadde fødd eit barn. Dette barnet døydde òg. Knud reiste då tilbake til Racine. Her er altså eit nokså mørkt kapittel i historia om Knud Langeland. Men som me veit: Alle skikkelege heltar har ein brest eller eit lyte.

Når det gjeld etterkomarane til Knud Langelad, altså etter det andre ekteskapet har eg ikkje brukt tid til å finna ut noko særleg. Ein av sønene var dokter i Milwaukee. Men det mest kjende barnebarnet er kanskje Ruth Langeland Holberg som gav ut mange barnebøker. Ho levde frå 1889 til 1984 og budde i Massachusetts.



”Everything is bigger in America”: til og med reiskapane i Wisconsin var større enn dei Knud Langeland var van med frå Samnanger. Fotografiet er teke ca. 1870 av Anders Larsen Dahl.

Bladmannen

Eg skal ikkje gå svært grundig inn på redaktør-karrieren til Knud Langeland. Her viser eg til Odd Lovoll som i 2010 gav ut standardverket *Norwegian Newspapers in America* (også på norsk).

Men noko skal eg ta med her: Knud Langeland gjorde freistnader på å gje ut norskspråklege (danskspåklege) aviser før han kom i gang med noko som fekk langvarig liv. I 1849 kjøpte han og svogeren *Nordlyset*, eit vekeblad som hadde starta opp eit par år før.

Dette var faktisk den første norskspråklege avisa i Amerika. Bladet endra namn til *Demokraten* året etter, men alt hausten 1851 måtte dei slutta”. En dårskap”, kallar Langeland det sjølv, og tenkjer på at dette kom for tidleg. Nybyggjarane syntest ikkje dei hadde pengar nok til å betala for abonnement, og Langeland si eiga vurdering er at utgjevarane var for urøynde både med forretningsdrift og politisk journalistikk.

Knud Langeland har nok teke det mislukka avisprosjektet nokså tungt, og kanskje han har tenkt at nissen har flytta med på lasset frå Noreg når han skriv om at dei første innvandrarane *bestod af folk fra Landsbygderne, som for en stor Del ikke var vant til at lese andet end Religionsbøger, og mange af dem ansaa det endog for en Synd at lese politiske Blade.*

Var det ikkje slike haldningar som hadde drive Langeland bort frå lærararbeidet i Samnanger?

Trass i desse opplevingane var Langeland i 1856 innom redaktørkrakken i vekeavisa *Den norske Amerikaner*. Denne kom ut i Madison i Wisconsin. Dette vart likevel kortvarig då aviseigarane ville støtta den demokratiske presidentkandidaten. Langeland sjølv var ivrig republikanar.

Truleg ikkje så lite desillusjonert av forsøka med avisdrift gjekk det så om lag 10 år før Knud Langeland igjen tok opp att aktivt redaktørarbeid. I mellomtida var han vel farmer først og fremst, men han slutta ikkje med å bry seg om samfunnet rundt. Han skreiv avisinnlegg. Dessutan fortel han i det siste kapittelet i boka si litt om korleis han engasjerte seg i framgang for lokalsamfunnet han bur i:

Folkeoplysningen var, som man vil have seet, min Kjæphest. Som forhenværende Lærer interesserede jeg mig levende for Oplysningsvæsenet, havde en aktiv Andel i Oprettelsen av en engelsk Skole for Distriktet, virkede for Oprettelsen af et Skolebibliothek, Debatselskaber og Sangforeninger. Jeg skrev en Ansøgning til Post-Departementet i Washington om Aabningen af en Postrute gennem Settlementet. Forsynet med talrige Underskrifter og en Anbefaling fra

Wisconsins Legislatur sendtes Ansøgningen til Washington, hvor den strax blev bevilget og Postruten etableret.

I 1860 vart Langeland sjølv vald til delstatsforsamlinga i Wisconsin. Men så i 1865/66 lét han seg overtala, nokså motvillig seier han sjølv, til å verta redaktør i den nye avisa *Skandinaven*. Første nummeret kom 1. juni 1866.

Lokala til *Skandinaven* låg i Chicago. Ein hadde røynt at ein lettast dreiv aviser frå større byar pga. annonsane som avisa var avhengig av.

Knud Langeland sat som redaktør i *Skandinaven* til 1881 (utanom eit kort avbrot). Her fekk han fritt utlaup for standpunkta sine. Han var som sagt ivrig republikanar, og hadde frå 1840-åra vore konsekvent imot slaveriet. Her kan eg minna om at det var republikanarane som i denne perioden var dei framstegsvenlege. Abraham Lincoln var republikanar. Standpunktet i slavespørsmålet samsvarar òg med at



Lokala til avisa Skandinaven i Chicago.

Skandinaven under Knud Langeland si leining vart sett på som eit organ for den lågkyrkjelege rørsla i Amerika. Prestane i den høgkyrkjelege Norske Synode hevda at ”slaveriet ikkje var synd i seg sjølv”, medan store delar av norskamerikanarane var heilt imot slaveriet. Opplevingane med embetsstanden i Noreg gjorde sjølvstilt sitt til at Langeland generelt var skeptisk til prestedominans.

Elles var Knud Langeland ein ivrig tilhengjar av den offentlege skulen (common school) og meinte denne fremja toleranse, demokrati og patriotisme.

I innleiinga spurde eg om det var noko i bakgrunnen ifrå Samnanger som kunne forklara det som hende med Knud Langeland i Amerika. Det er iallfall rett å seia at han hadde motviljen mot sosial urettferd med seg frå heimbygda, saman med ein grunnfesta motvilje mot prestevelde spesielt og embetsmannstyre generelt. Han kalla det norske klasse- eller standssamfunnet for kastevesen. Alt dette tok han med inn i samfunnsengasjementet og avisarbeidet i Amerika.

Eg har nemnt at det fremste målet hans i ungdomen var ikkje å verta lærar. Men røynslene frå dette yrket gav ei livsvarig interesse for folkeopplysning og undervisning. Dette var også ein del av det store demokratiprojektet han såg for seg i Amerika.

Av det eg har sagt, skulle det vera tydeleg at Knud Langeland var uvanleg gåverik, og at dette var ein grunn til at han fekk ein slik karriere i det nye landet. Men samtidig har eg prøvd å få fram at ei heilt einsleg stjerne i ei elles formørka vestlandsbygd var han ikkje. T.d. har eg nemnt at kunsten å lesa og skriva hadde følgt slekta hans, og han hadde trass alt støttespelarar i arbeidet sitt, sjølv om han fekk mange mot seg. Men i den grad det er lov i våre dagar å gjera nokon til heltar i historia, er Knud Langeland ein god kandidat .

Kjelder

Knud Langeland: *Nordmændene i Amerika*. Først utg. 1888. Tospråkleg utgåve 2012, Astri My Astri Publishing
Nils Lauvskard: *Samnanger I*, 1930.

Odd Lovoll: *Norske aviser i Amerika*, 2012
Svein Oldervoll: *Viinland gode*, Eide Forlag 1989
Atle Austestad: *Nils Stålby. Karolinen i Samnanger*. Friske Tankar AS,
1995
Kulturhistorisk vegbok for Hordaland.
Munnleg kjelde: Knut Langeland, f. 1924
Diverse nettsider: m.a.:
<http://astrimyastri.com/norwegians-in-america.php>
<http://www.naha.stolaf.edu/>
http://www.arkivverket.no/URN:kb_read



Statue av Knute Nelson framfor Minnesota State Capitol.

Bokmelding frå 28. januar 1888

I eit utklipp frå ei amerikansk avis finn me ein omtale av Knud Lange-land si bok «Nordmændene i Amerika». Omtalen er skriven av Knute Nelson, eller Knud Evanger som han heitte då han vart fødd på Evanger i 1843. Han vart ein svært framstående mann i Amerika, - han studerte jus og var både guvernør og seinare senator for staten Minnesota.

Knud Langeland døydde den 8. februar i 1888, altså berre litt over ei veke etter at dette vart skrivne, så det er vel lite truleg at han fekk lesa denne rosande omtalen av boka si. Når Knute Nelson brukar så sterke ord om Knud Langeland og boka hans, fortel det tydeleg om posisjonen Langeland hadde i det norsk-amerikanske miljøet. Me gjev att heile teksten slik han vart skriven:

Langelands Bog.

Washington DC, 28de Jan. 1888

John Anderson & Co - Chicago, Ill.

Mine Herrer: - Modtag min forbindtlige tak for den mig tilsendte Bog av Knud Langeland, «Nordmændene i Amerika». Den er for mig en meget værdifuld og underholdende Bog. Den er netop hvad jeg med Længsel og Haab, har ventet på i mine mange Aar; og ingen var af Naturen bedre udrustet eller ved Opdragelse og Erfaring bedre skicket til dette Hverv end Hr. Langeland.

Bogens første Del er sammentrængt og kortfattet, men bærer på samme Tid Præget af historisk Nøiagtighed. Som saadan er den ikke alene fuld af interesse for os som har været Deltagere i, eller, saa at sige, øienvidner til de her optegnede Begivenheder, men vil være af stort værd for den som en Gang i Fremtiden vil komme til at skrive Nordmændenes Indvandringshistorie til dette Land.

Den anden Del af Bogen – Hr. Langelands kortfattede Selvbiografi – er mig særdeles kjær, og tiltaler Læseren paa en ganske eiendommelig Maade. Der er noget gjennemheroisk og pathetisk i denne begavede Bondeguts Kamp for at bryde de Baand som Kaastevæsenet og Bondestandens Uvidenhed og Overtro den gang lagde på Folket og som endnu til dels hviler over det gamle «Hovedland». Hvilken vidunderlig Livskraft der var i den gamle Bonde!

Efterat være knuget og forkrøblet i henved 400 Aar, skyder den frem i sin oprindelige Vikingekraft – i den gamle Verden som i den nye.

Det Billede som Langeland her ruller op, virker særlig fortryllende ved dets naturtroe Enkelhed og Sandhed; men ikke mindst derved, at vi gamle settlere, Børn af samme Bondefædre, ser i den et Omrids af

vore egne Kampe med de vextende Skuffelser og Haab.

I Korthed, dette Afsnit er ikke så meget et Portræt af Hr. Langeland selv – hvor nøiagtigt det end kan være som saadant – som en skildring af en hel Klasses – den Norske Bondes – Haab og Længsler. For mig er denne Bog en ren Hygge og den skal altid faa beholde Hæderspladsen i min beskedne Bogsamling.

Fra mit Hjertest dybeste Grund takker jeg Forfatteren for denne Gave. Måtte Gud i sin Miskundhed holde sin haand over ham og lede ham sagte og i Fred til Livets sidste Time.

Knute Nelson

«Ein utvandrar sine minne frå livet i Noreg og Amerika»

Av Knud Langeland

Til nynorsk ved Ivar Bård Aadland

Då eg på oppmoding frå ein del trufaste vener tok til med det eg no skal skriva om, høvde det slik at eg var arbeidslaus i Chicago. Men før eg var heilt ferdig med det som handlar om livet i Noreg, kom eg i arbeid igjen. Desse minna vart lagde til sides, og sidan har eg korkje hatt tid eller lyst til å halda fram med dei. Det er difor berre etter forleggjaren si innstendige oppmoding at eg heilt kort har halde fram for å få samanheng i forteljinga. Dette er og forklaringa på at minna frå livet i Amerika er spreidde på fleire stader lenger framme i denne vesle boka. Den delen som handlar om Amerika er svært kort og ufullstendig behandla på grunn av helsetilstanden min i seinare tid. Eg har nemleg ikkje sjølv kunna føra pennen, men har måtta bruka skrivehjelp.

Det er ei usminka og truverdig framstilling av kvardagslivet i Noreg og Amerika eg vil prøva å få skrive ned, til dels slik eg sjølv har opplevd det og til dels slik eg elles i desse 60 åra har sett det. Eg har fått mange oppmodingar frå venene mine om å gjera dette. Dei meinte at slike livsminne ikkje berre ville verta lesne med interesse, men at det kunne vera mykje nyttig lærdom å henta i erfaringane frå eit langt og hendingsrikt liv, og samstundes vil det gje eit lite tilskot til historia om den norske utvandringa.

Kua under matstrev og overklasse

Ungdomslivet inne i fjordane i det vestlege Noreg kunne visst for mange vera behageleg og romantisk nok i den yndige grøne vika, i den grøderike vesle dalen, ved den venlege fjorden, ved den endå

venlegare stille innsjøen, ved den skummande fossen, i dei bratte bjørkeliene, i steinura, ved den stupbratte bergveggen og på dei skyhøge fjelltoppane. Over alt i fjellandets herlege natur der vellukta frå plantene er så søt og der fuglesongen er så fortryllande, kunne den oppvakte ikkje vera anna enn glad og lukkeleg, og den livsglade ynglingen måtte føla seg gripen av ovundring for det vakre og poetiske i denne naturen og tilbe naturens herre.

Men det var her som overalt i verda: Berre den opplyste kan opna naturens bok og forstå naturens språk. For storparten av borna var ho ei attlaten bok. Attmed mora sin surrande rokk lærte vel guten å seia fram sitt Fadervår, og i den usle omgangsskulen lærte han vel dei fem delane av si vesle katekisme utanåt (1), slik at han nokre år seinare kunne gå for presten og verta teken inn i kyrkja sin famn. Men det var også alt han måtte nøya seg med.

Han var neppe ti år gammal før all hans tid og alle hans krefter måtte nyttast på lekamleg slit og slep – på eit matstrev som kvar dag vende attende med like uforsonlege og ufråvikelege krav. Det dyrkbare arealet i dei tronge dalane var lite, folketalet etter måten stort, og dette fattige landet greidde ikkje meir. Gjennom dei siste 400 åra hadde landet fått ein talrik dansk-tysk embets- og handelsstand som hadde makta i sine hender. Lovene hadde gjeve denne importerte klassen monopol på alt utan odelsjorda. Jorda vart etter kvart så oppstykkja på grunn av overbefolkning og så nedlest med skattebørar til ei sløsete regjering og for å halda den herskande klassen ved makta og på kunnskapens høgder, at armod og kunnskapsløyse vart lagnaden til folk flest. Den gamle, norske helteånda, som gjennom hundreåra vart halden nede og kua under desse tilhøva, var utruleg seig og hadde framleis litt krefter att av sin tidlegare stordom. I byrjinga av vårt hundreår viste helteånda att i ein makelaus kamp for det daglege brødet og i ein medfødd avsky for å hamna på fattigkassen eller gripa til tiggargstaven.

Dette er ei hard skildring. Og berre den som liksom eg har måtta gjennomgå kampen frå tiårsalderen og sett tusenvis andre gjera det same, vil vedgå at eg snakkar sant utan overdriving. Då er det ikkje å

undrast på at auga til den fattige bondeguten var attlate for «det deilige Hardangers» vakre natur, som Wergeland begeistra har sunge om og ein Tiedemanns pensel har skapt bilete av. Det er ikkje å undrast på at hans unge sjel vart sløva og forknytt under oppveksten medan han kvar dag i fattigdomens fillete klede traska berrhovda omkring for å skaffa noko til livsopphald. Ja, det er ikkje å undrast på om han kom til å leva og døy utan å vita om sin harde lagnad, utan anna lengting og mål enn å tilfredsstilla bukens skarpe krav slik som alle andre dyr på jorda.

Eg voks opp på ein plass der eg hadde høve til å sjå dei unge sønene til presten, sorenskrivaren, kompanisjefen og landhandlaren få opplæring av ein huslærer (kandidaten, som me kalla han). Og det var utan tvil synet av desse velkledde, sutlause, glade gutane - som ikkje hadde noko anna å gjera enn å leika og sanko kunnskap – som gjorde at det smertelege spørsmålet lik hardt stål trengde seg fram til mitt unge hjarte: «Kva har eg gjort, og kva har desse gjort, sidan det skal vera så stor skildnad mellom oss?» Og når dei så håna meg for dei sundrivne kleda mine og lo og peikte fingrar til meg og ropte «nei, sjå han!» når eg gjekk krokbygd under ei stor bør med nasen mot jorda, då gret eg og banna og vart harm.

Seinare har eg ofte sett tilbake på denne scena som det første eigentlege lysglimt av ettertanke i mi mørke og forkua sjel. Og til og med i denne stund trur eg fullt og fast at lagnaden i sin visdom vende til det gode det desse herremannssøner tenkte til det vonde. For endå om eg med harmen i hjarta klaga Gud for å vera urettferdig, skåna han meg for fortvilning og gav meg mot og kraft til å overvinna, og tolmod til å bera ein hard og vond lagnad.

Leselyst

Då eg var 12 år, kunne eg berre så smått lesa innanboks i katekisma og evangelieboka, som var dei einaste bøkene (utanom ABC-a) eg hadde tilgang til. Utanboks kunne eg, i tillegg til Fadervår og nokre bordbøner, dei ti bodorda og dei tre trusartiklane. Og når eg las det fjerde bodet (2), undrast eg ofte på kvifor landhandlarsonen, som slett ikkje

var nokon snill og lydig gut mot foreldra sine, skulle ha det så godt, medan eg, som enno aldri hadde tenkt på å seia nei til det far eller mor bad meg om, skulle ha det så inderleg usselt.

Far min hadde i teneste for fedrelandet fått ei kule i eine kneet så det var vorte heilt stivt. Eg hugsar godt at denne skavanken var til mykje bry for han. Han kunne ikkje reisa seg med ei bør på ryggen, og eg skulle då alltid vera for handa for å hjelpa han opp. Eg var den yngste av ti sysken, og det var smått for oss. Far hadde eit jordlapp til bruk på livstid, men åtte han ikkje. Etterkvart som syskena mine voks opp, måtte dei ut og ta seg til noko på eiga hand. Og alt då eg var 13 år, døydde far min i ein alder av 53 år. Trass all hans sparsemd og iherdige arbeid sat mor mi no igjen i svært tronge kår, som eigaren av gardparten med stor uvilje og plageri hadde late henne få.

Far hadde lagt merke til mi store lyst til lesing og skrivning, og i det siste leveåret sitt brukte han ein stor del av sundagane til å gje meg undervisning. Såleis skreiv han ofte tal og lette reknestykke med krit på botn av ei mjølkekolle, og eg var no komen så langt i lesing at eg kunne lesa mange av forteljingane i det gamle testamentet, som var svært interessante for meg den gongen.

Dei første barndomsminna

Eg kan ikkje med visse seia kor langt eg minnest attende. Den første hendinga som har sett uutsletteleg merke i minnet, er då eg vart vant frå morsbrystet. Og då var eg visst omkring tre år gammal. Den neste episoden som eg hugsar klart frå den tid, er då søster mi ein sundag hadde våga å klippa det lange håret mitt som mor var så glad i. No var det nemleg kome på mote å lata seg klippa, og søster likte ikkje at eg skulle vera annleis enn dei andre smågutane. Men mor ville ikkje gje sitt samtykkje. Då eg den sundagskvelden kom heim minus det lange håret mitt, gret mor. Det var første gongen eg hadde sett tårene hennar, og det inntrykket har ikkje tida greitt å sletta frå minnetavla.

I fire-femårsalderen synda eg nok av og til mot mors strenge reglar

(iallfall syntest eg dei var unødvendig strenge), men så lenge eg visste meg skuldig, tok eg straffa med tolmod. På desse tider hadde eg sterk trong til å prøva allslags småhandverk og var kanskje ikkje utan visse tekniske evner. Ein dag hadde mor mist ein av strikkepinnane sine, og då ho visste at eg alltid mangla slike hendige saker, vart eg utan vidare skulda for å ha teke han. Og då eg bestemt nekta å ha gjort ei slik synd, fekk eg ei temmeleg alvorleg straff. Om eg hadde vore skuldig, hadde eg nok gløymt dette som så mangt anna frå denne tida. Men å verta så hardt straffa når eg var uskuldig, gjorde eit djupt inntrykk. Og det vart forsterka då mor mi straks etter fann strikkepinnen sin i oska ved grua, der ho nok hadde mist han. Mor vart så gripen av anger over den uretten ho hadde gjort mot meg, at store tårer trilla nedover kinna hennar. Men nok om det.

Førebuing til konfirmasjon

Etter far min døydde skulle eg framleis bu hos mor mi i farshuset eit år for å gå for presten og førebu meg til konfirmasjonen. Etterpå skulle eg dra ut i verda for å greia meg sjølv som så mange andre forsvarsause av min stand. Det var enno nokså skralt med dei boklege kunnskapane mine. Det einaste eg kan seia om det, er at eg kunne lesa nokolunde ordentleg i bok og hadde byrja å rekna litt med heile tal. Eg ville også gjerne læra å skriva, men det var vandt å få undervisning.

Ein av onklane mine hadde kome til Bergen i sine ungdomsår (3). Der hadde eit par skulemenn lagt merke til at han var uvanleg gåverik. Dei hadde gleda av å gje han ein god del privatundervisning. Så han tok ei dristig avgjerd om å gå studievegen. Men det måtte han seinare gje opp, for pengestøtta han var lova slo feil, og sjølv hadde han ikkje noko å skyta til. Nokre mektige vener av den herskande standen brukte då påverknaden sin til å skaffa han ein lærar- og vaksinatørpost i prestegjeldet vårt. Han var ein ivrig opplysningsven og arbeidde med stor dugleik i lærarkallet. Men skulekrinsen hans var ikkje i same soknet som eg hørde heime, og eg fekk difor ikkje nytta godt av hans undervisning.

Ein krøpling på lekam og sjel

Omgangsskulelæraren vår var ein krøpling på lekam og sjel, full av jamrande religiøs fanatisme, som styrkte allmugen i dei gjengse fordomane. Til dømes var det synd for folk av tenarklassen å vilja læra å skriva og rekna eller lesa i andre bøker enn Bibelen og Evangelieboka. Slikt noko var berre for folk av den herskande klassen – storfolket, som dei vart kalla – osb. Når slike synsmåtar rådde mellom folk, vart skulearbeidet naturlegvis mykje makelegare for dette dovne mennesket, som fall i søvn annankvar time på dagen. Dessutan vann han såleis uendeleg større vørdrnad hos sin føresette, presten. For han var ein av dei lojale mennene i standen som ikkje tålte at nye idear dukka opp i hovuda på sauene. Det ville berre gjera dei nasevise (planta visdom i nasen?), som den herskande standen overalt uttrykte seg den gong.

Vår omgangsskule var altså ikkje staden der eg kunne læra å skriva og rekna. Eg fann ei heil mengd papir og brev etter far min, som når det gjeld intelligens og kunnskap hadde vore eit unntak i sin eigen stand, og det såg ut til å ha vore slik gjennom mange slektsledd. Om det fanst skrivekunne i familien då fedrane for fire- til femogtjue hundreår sidan kom vestover frå skogane nord i Russland, drog nedover norskekysten og busette seg langs fjordane, skal eg ikkje kunna seia. Om så er må det visst vera runeskrift dei brukte.

«... eit skot av den gode, gamle stamma»

Den gamle gotiske skrifta som far min hadde brukt, var dei einaste mønstra eg hadde til å rettleia meg. Det fanst heller ikkje eit alfabet, og eg hadde ikkje først lært å skriva dei einskilde bokstavane. Eg kunne sjølv sagt ikkje lesa skrifta, og måtte førebels berre nøya meg med å kopiera henne så godt eg kunne. Eg brukte så mykje av sundagane på dette at mor mi byrja å irettesetja meg: «Du veit då at du til våren skal gå for presten, og han spør nok ikkje om du kan skriva. Tvert om vil det halda hardt om du «slepp fram» om presten får høyra at du øyder tida di med å skriva. Du får no halda deg til spørsmålsboka og læra den skikkeleg utanåt, elles vert du ikkje eingong innskriven.»

Ho tok likevel feil når det gjaldt skrivinga, for det var den unge ka-

pellanen som skulle overhøyra konfirmantane, og han var mykje meir liberal og folkeleg enn den gamle, fordrukne soknepresten. No vel, med spørsmålsboka gjekk det inderleg tregt. Innhaldet var for vanskelig for mi innskrenka forstandsutvikling. Og det vart tørt som sand å læra utanåt som ein annan papegøye det eg ikkje forstod, så eg vart reint fortvila over den oppgåva som låg føre meg. Eg trudde heilt visst at eg kom til å gå for presten i minst tre år før eg kunne verta konfirmert.

Det var på denne tida at onkelen min som eg nemnde før, kom på besøk til oss frå nabosoknet. Mor mi fortalde han om dei sære interessene mine og sa ho var bekymra for meg. Eg ville berre lesa historier i det gamle testamentet og sitja heile sundagane og kopiera dei gamle breva til far min. Den gapskratten onkel min sette i då han hørde dette, skal eg aldri gløyma. Så skamfull og redd vart eg. Men han kom bort til meg, la handa på hovudet mitt og sa: «Ver ikkje redd, guten min. Du er eit skot av den gode, gamle stamma. Les ikkje for mykje i det gamle testamentet. Språket er så rangt, det fordervar heilt smaken din. Eg skal låna deg nokre bøker, og så skal du få føreskrift av meg og læra den nyare skrifta.»

Hadde eg ått eit kongerike, hadde eg testamentert det til han.

Gratis ungdomsskule

Onkel hadde no ferie frå skulen sin, og i sin iver for å fremja folkeopplysninga bestemte han seg for å freista med ein skriveskule i nabolaget vårt eit par veker. Og trass allmugen sine fordomar lukkast han med sindige argument og overtaling å få 6-7 unge gutar til å delta på skriveskulen som han ville halda for dei utan betaling. Han var frå naturen si side ein svært gáverik, men nokså eksentrisk mann med levande interesse, eller rettare ein merkverdig entusiasme for undervisning av ungdomar frå allmugen. Jamvel om han hadde ein talrik barneflokk å forsyta og levde i den største fattigdom, var han så inderleg glad og lukkeleg for utan betaling å kunna spreia opplysning og vekkja folk til ettertanke; vekkja dei frå den lagnadstunge, søte

søvnen som vanstyre og framandåk hadde dyssa dei ned i gjennom fleire hundreår.

Med skriveskulen gjekk det strålande. Å, det var lukkelege, men dessverre altfor korte dagar. Han hadde særskilte, sjeldne eigenskapar til å gjera undervisninga morosam og lærerik. Ein kveld hugsar eg særskilt. Han hadde fått brev frå ein ung mann i eit nabosokn som hadde fått undervisning av onkel, og no var han vorten omgangsskulelærar. Han var ingen god stilist, og orsaka seg for det i brevet som slutta med at «jeg håber at drage mig.» Dette var for mykje for vår gode, gamle lærar. Han braut ut i sin karakteristiske gapskratt, la seg på magen på ein langbenk og byrja å dra seg framover medan han sa: »Jeg håber at drage mig! Jeg håber at drage mig!» Og så lo han igjen. Slik ville han prenta inn i oss rett forståing av kva orda tyder og korleis dei skal brukast rett.

Då ferien hans tok slutt, vende han attende til sin skulekrins. Før han reiste, føreslo han at dei gutane som måtte ønskja å halda fram med skriveøvingar, kunne senda dei i brev til han, så skulle han retta dei og senda dei tilbake når han fekk høve til det. For, sa han, å læra å skriva bokstavar og ord er berre middelet. Det eigentlege føremålet med skrivinga er å uttrykkja tankane sine. Å gjera det på ein klar og grei måte er mykje vanskelegare og krev mykje meir øving og utvikling av forstanden enn berre den mekaniske evna å skriva bokstavar og ord.

Så vidt eg veit var det berre nokre få av gutane som nytta seg av det venlege tilbodet. Kanskje hadde dei ein misforstått frykt for at han skulle le av feilane deira. Eg for min del let meg ikkje hindra av slike skruplar og skreiv difor ei mengd stiløvingar over ulike, lette kvardagsemne, og fekk dei nokså punktleg tilbake med læraren sine rettingar. Å sjå at desse rettingane vart færre og mindre viktige etter som tida gjekk og øvingane heldt fram, var ikkje så lite smigrande for sjølvkjensla mi. Og det gav meg ein god grunn til å halda fram med arbeidet.

Overhøring og innskriving

Då våren kom skulle eg, som sagt, til presten for å verta innskriven mellom konfirmantane. Og eg trur for visst at mang ein forbrytar i sitt fengsel ser fram til den dagen han skal hengjast med mindre frykt og angst enn eg gjorde då eg for første gong skulle overhøyrast av presten. Skal tru om ikkje også han ville vera hard og nådelaus. Ja, kanskje han ville ha moro av meg og peika fingrar slik dei unge herremannssønene hadde gjort, fordi eg var så usselt kledd og var så dum og klossete og kua når eg kom nær dei som hørde til overklassen.

Endeleg kom dagen eg frykta. Dei fleste konfirmantane hadde følgje av far sin og kom med gåver til prestekjøkenet. Eg, som ikkje hadde nokon far lenger, kom åleine og hadde dessverre heller inga gåve. Det var så pinleg at eg mest miste resten av sans og samling eg enno hadde att. Eg la merke til ein merkeleg manøver mellom fleire av fedrane medan me venta på at innskrivinga skulle ta til. Eg såg nok at det gjekk ut på å koma først inn, men eg visste ikkje kvifor. Ein av naboane våre som hadde ei dotter som også skulle skriva seg, hadde lova mor mi å ta meg med inn til presten. Han kviskra til meg at desse mennene ville koma først inn slik at sønene deira skulle koma først på lista og då også koma til å stå øvst i rekkja under overhøringa. Det hadde no ikkje eg tenkt på. Av natur var eg eit lite, engsteleg vesen som helst ville vera mellom dei siste og gjerne ikkje verta lagt merke til. Nabodottera var ikkje særleg flink i boka, så ho brydde seg ikkje om å vera mellom dei første. Og ho meinte at det også for meg ville vera mykje betre å verta flytta opp enn ned på konfirmasjonsdagen. Dessutan var det mange som var sjølvskrivne til å vera først, mellom dei son til handelsmannen, son til medhjelparen, son til forpaktaren på prestegarden osb.

Då dei mest æresjuke hadde vore inne, kom også turen til oss medan det enno var nokre attende. Heldigvis hadde fleire av dei som var rett føre oss til overhøring, berre greidd seg så måteleg. Og då nabodottera, som vart avhøyrd først, var ustø og bala med lesinga, gjorde kontrasten at mi lesing tok seg nokså bra ut. Og den rosen eg då fekk, gav meg tilbake mykje av fatninga og roa nervane mine så pass at eg mest heilt slutta å skjelva. Og no kunne eg gje så for-

nuftige svar i utanåtlesinga som om det skulle vera mi eiga mor som spurde. Då eg sa at eg berre hadde lese utanåt så langt som den første «tavla» i Pontoppidans forklaring, syntest nok presten dette var lite i høve til den raske innanåtlesinga mi. Eg måtte ærleg vedgå at dei stykka eg forstod, kunne eg hugsa når eg hadde lese dei eit par gonger. Men dei eg ikkje forstod, gløymde eg igjen om eg så hadde lese dei mange gonger. «Det skal vi nok komme over,» sa presten venleg. Han la til at eg fekk no ta fatt for alvor, og når eg så kom til overhøyring igjen, skulle han forklara.

Ved innskrivinga noterte presten gåvene som kvar konfirmant hadde med seg. Og no vart det svært pinleg for meg, for eg hadde ikkje noko med til han. Kvifor hadde eg ikkje det? Eg tilstod at eg ikkje visste det. Kanskje hadde mor mi gløymt det. Ho hadde berre fortalt meg at eg til sumaren måtte bort i arbeid når det ikkje var nødvendig å vera heime, for å tena ein spesidalar (4) som presten skulle ha når eg vart konfirmert. Eg lova ærleg å be mor om ei gåve, og eg håpa ho ville skaffa noko. Med det slapp eg frå det for denne gongen.

Det var no likevel ikkje slik at ho hadde gløymt gåva. Ho visste vel om skikken sidan ho hadde sendt 9 av borna sine til konfirmasjon. Men saka var den at denne skikken kunne vera nokså vakker i tidene før presten fekk fast betaling for å lesa med konfirmantane. Ein kunne då sjå på det som ei kjærleg påskjøning for det arbeidet han la ned i kristendomsundervisning for ungdomane. Men no var det vorte til ein uskikk som dei rike brukte for å få dei forsømte borna sine konfirmerte utan å ha greidd seg i konfirmasjonsførebuinga. Fattigmannens born, derimot, fekk den børa og tidsspilla det var å gå to eller til og med tre år for presten fordi dei ikkje hadde kunne gje presten dei forventa gåvene. Kort sagt: Dette uvesenet var no ikkje noko anna enn å frikjøpa borna sine frå å læra noko ved å gje presten ei gåve. Mor mi og ein eldre bror som var heime og dreiv garden med henne, meinte at eg fekk læra leksene mine skikkeleg, og når så presten fekk dalaren sin, fekk det vera nok.

Ved neste overhøyring hadde eg gleda av å gje rette svar på eit par spørsmål som dei andre hadde stranda på. Men uheldigvis fekk den

gode prestemannen den ideen å spørja meg med det same så alle hørde på om eg i dag hadde med den gåva eg hadde lova han. Denne audmjukinga gjekk så hardt inn på meg at eg ynskte eg kunne søkka i jorda der eg stod. På gråten måtte eg vedgå at eg ikkje hadde fått noko med denne gongen, men eg hadde gjort det eg lova: å be mor om noko til presten. Han heldt no ei kort skjennepreike for meg og sa at me ikkje kunne orsaka oss med fattigdom, for fleire av syskena mine hørde til dei mest velståande i bygda. Han kunne ikkje tåla at det skulle gjerast unntak for meg. Det ville vera å setja eit dårleg føredøme og oppmuntra andre til å gjera det same.

Eg hadde først kjent meg audmjuka og skamfull. Men no steig det hissige blodet mitt til hovudet, og eg vart forarga, men tagde. Berre i tanken fekk harmen luft: At De synest det høver med Dykkar høge rang å tigga, er kanskje rett. Men eg kan ikkje tigga korkje hos syskena mine eller andre. Kan eg med ærleg arbeid tena meir enn det eg treng til mat og klede, skal eg med den største glede gje Dykk ei gåve - om ikkje av kjærleik, så for å unngå skam og plage.

Det første fellesmøtet med konfirmantane vart altså sørgjeleg for meg. Eg var skamfull og nedtrykt, medan dei andre var glade og lukkelege. Rett nok hadde eg greidd meg like godt som nokon av dei i utspørjinga. Men mi utspørjing hadde for det meste handla om gåva, og der var eg komen sørgjeleg til kort.

Ein heldig verknad hadde likevel den første felles overhøyringa hatt på meg: Den ulysta eg hadde hatt til utanåtlæring, var forsvunnen. Eg hadde sett korleis det stod til med dei andre, og no hadde me alle den same, fastsette lekser som skulle lærast til neste møte. Dette var oppmuntring nok. Det hadde ikkje gått to dagar før eg kunne kvart ord av lekser på fingerspissane, og eg kunne ikkje forstå korleis det hadde gått til. Det var kome som av seg sjølv.

Arbeid og lesing

Innmarka på garden heime var svært liten. Men me hadde ei stor, fjernliggjande utmark. Dit (omkring $\frac{3}{4}$ norsk mil) måtte me ofte gå så snart snøen var faren om våren; til dels for å setja i stand gjerde, hesjar,

utløer osb., og til dels for å gå lengre opp til setra for å syta for ved og andre ting til den tida budeiene skulle flytta opp dit med buskapen (5). På vegen til og frå denne utmarka las eg støtt i Pontoppidans forklaring slik at eg slett ikkje trong øyda den minste tid på det. Og det var forunderleg kor lett det gjekk for meg. Når eg las, visste eg ikkje ordet av før eg var framme jamvel om eg bar ei svær nistetine på ryggen. Og når eg gjekk, visste eg ikkje ordet av før lekse var lesen.

Men det var ei ulempe ved slikt søvngjengeri. Her gjekk me nemleg støtt berrføtt om sumaren, og under lesinga støyte tærne mine støtt bort i skarpe steinar som alle stader dekte stien i desse fjelltraktene, så blodet rann. Verst var det når dei gamle såra vart rivne opp att. Men «det vonde må takast med det gode alle dagar.» Fordomen hadde enno ikkje vike plassen for fornuftens lys. Overtrua hadde enno ikkje gjeve ingeniørvitskapen i den syndige notida lov til å rydda kjørevegen til desse utmarkene, jamvel om eg slett ikkje trur ein hadde trunge anna ein litt muskelarbeid med enkle kvardagshender for å gjera mange av desse stiane farbare med vogn eller slede.

Det meste av høyet for fleire nabogardar vart samla i desse fjelltraktene med bratte lier og tronge dalar. Det er lite skog i desse liene, men dess meir stein. Graset som vert slege i liene, må berast på ryggen ned i dalen til dei små bakkane der hesjane er. Og når det er regnvêr, som er svært vanleg på desse kantar, har ein det hyggelege arbeidet å bera det våte graset medan det kalde vatnet renn nedetter ryggen. Sidan vegen opp dit er lang og tek altfor mykje tid, ligg ein gjerne fleire netter på rad i utløene medan ein halvaksen gut eller jente går heim etter meir proviant. Og det er gjerne havregraut med flatbrød og gråbeinsild. Mjølke kjem seterjenta med kvar morgon frå den andre sida der setra ligg. Så arbeider ho heile dagen til bortimot solnedgang. Då vender ho tilbake til setra, og har enno ofte ein lang veg å gå for å finna buskapen, mjølka kyrne og stella frå seg i setra. Jamvel om alle bøndene på desse kantane lever i det tyngste slaveri når det gjeld arbeid, mat og klede, så trur eg likevel seterjentene har det verst av dei.

Med graut i skinnbroka

Ei av nabokonene våre hadde ord på seg for å vera svært gjerrig. Og om Eilert Sundt (6) hadde sett husstellet hennar, ville han truleg sagt ho var ei uvanleg skiten sugge. Då ho skulle i utmarka ein tidleg morgon, kunne ho ikkje finna noko kar til å ha middagsgrauten i. Og då ho tilfeldigvis fekk auga på ei gammal, hard skinnbrok som hørde til mannen hennar, fekk ho det heldige innfallet å ausa grauten i det eine bukselåret og binda att for den nedre enden. Så slengde ho buksa over skuldrene og drog av stad til utmarka der mannfolka hadde vore i fleire dagar. Då dei skulle få middagsmaten sin av denne grauten, som ikkje var særleg appetittleg i seg sjølv, oppi denne snedige behaldaren, gjorde drengen opprør og nekta å eta. Og det er kanskje ikkje å undrast på. Han sa rett ut at når han ikkje kunne få etande mat, så kunne han heller ikkje arbeida. Så han laga seg til å ta det makeleg på sin tome mage.

Det hadde vore ein varm solskinnsdag. Og no byrja ei toresky å dra seg snøgt opp frå vest med alle kjenneteikn på slikt lagnadstungt styrtregn som dette skiftande klimaet er så rikt på. Tilfeldigvis hadde dei mykje tørt høyt liggjande utover bakkane. Det skulle dei nett til å få i hus no på ettermiddagen. Kona storma sjølvsgatt i veg for på død og liv å raka saman høyet og få berga så mykje som råd var før regnet kom. Og det som gjorde henne heilt rasande, var at den stae drengen sat urørleg og såg på. Forgjeves bad og skjente og grein og truga ho. Han heldt på sitt at «den som ikkje får mat, kan heller ikkje arbeida.» Til slutt byrja store regndropar å hølja ned, og dagens kamp var avgjort. Berre litt av høyet var raka saman, og fortvila seig den slitne kona ned på bakken og sukka: «Vår eiga makt er inkje verd. Me er snart overvunne.»

Livet var ingen leik

Som ein ser var livet på desse kantar ingen leik. Den som skulle slå seg fram, fekk ikkje vandra på roser. Levemåten var knapp, og arbeidet svært hardt og tungt. Likevel var vanskane om sumaren her ikkje å samanlikna med vanskane om vinteren, ulikt mange andre stader. For

å gjera dette forståeleg treng eg berre nemna at alt det høyet som var sankt i utmarka om sumaren, måtte berast heim på ryggen om vinteren. Og når ein veit at vegen var frå $\frac{3}{4}$ til 1 norsk mil og gjekk gjennom djupe skar, over store urar, opp og ned over bratte lier og åsar dekte med snø og is som ofte gjorde vandringa livsfarleg sjølv for den som ikkje hadde noko å bera, vil ein lett kunna forstå kva livet var for den som mest kvar dag i allslags vêr måtte ta denne tunge turen.

Når eg ser tilbake på dette livet, har det ofte forundra meg korleis det gjekk til at eg ikkje vart krøpling under dette strevet som byrja alt i tolvårsalderen. Rett nok bør eg ikkje undervurdera verdien av ein slik livsskule for det unge mennesket som skal brøyta sin eigen veg, men eg må likevel vitna at det verkeleg var stor fare for både liv og helse i dette vinterarbeidet. Alvorlege ulukker var ikkje sjeldne. Og eg har ofte seinare tenkt på kor heldig det var for meg at mor slutta med garden då eg var konfirmert og hadde fylt mitt fjortande år. Såleis kom eg i det minste bort frå denne staden. Og om lukka ikkje alltid seinare førte meg med kjærleg hand, trur eg likevel at det hadde gått meg mykje verre om eg hadde vorte verande lenge på fødestaden min.

Jamvel om den bygda eg her har fortalt om kanskje høyrer til dei vanskelegaste og mest uheldig stilte av fjordbygdene i Bergens stift (7), er ho likevel ikkje den verste. Og eg tek ikkje mykje feil når eg meiner at bondens liv der kan reknast som gjennomsnitts målestokk for tilhøva i Bergens stift. Mange vakrare, betre og meir lett drivne gardar finst det nok, men på den andre sida veit eg og at det finst likså mange mindre, fattigare og verre tilfelle enn dei eg med nokre få trekk har prøvt å skildra.

Den fortærande prestegåva

Etter denne utflukta til utmarkene våre, vender me attende til konfirmasjonen. Eg gjorde denne avstikkaren for å gje lesaren eit bilete av det livet eg var underkasta ved konfirmasjonen.

Det gjorde eit svært nedslåande inntrykk på meg at eg framom alle dei andre konfirmantane skulle verta gjort til skamme som den som

ikkje ville gje presten ei gåve. I tankane mine kom eg difor til å stå på eit lågare trinn - i ei meir forakta stilling - og var både ein fattigare og dårlegare gut enn alle dei andre. Eg visste det ikkje før at alle dei andre konfirmantane hadde kome med gåver til prestekjøkenet. Men då eg no var den einaste som vart vanæra med offentleg irettesetjing, skjønnte eg at eg var den einaste som ikkje hadde utført denne botshandlinga. Med sterke bilete og veltalande tårer prøvde eg å få mor mi til å forstå kor ulukkeleg eg kjende meg og kor krenkjande det var for mi ringe ærekjensle å verta offentleg prostituert for ein liten ting som eg meinte ikkje trong kosta så mykje. Argumenta mine, kor gode eg sjølv syntest dei var, såg ikkje ut til å ha nokon nemnande verknad. Og eg måtte igjen møta fram utan å ha den etterlengta gåva med meg.

Slik heldt det fram til det lei utpå sumaren. Då byrja mor mi å tala til meg om lag slik: «Son min, det gjer meg svært trist å sjå at du fullstendig forsømer Forklaringa di, medan du iherdig bruker sundagane og dei andre fristundene dine med desse verdslege bøkene som onkel din har lånt deg. Eg kjenner meg nesten viss på at du ikkje vert konfirmert i år. Difor har eg bestemt meg for å ikkje lata deg få noka gåve til presten. For eg vil ikkje at det skal sjå ut til at eg kjøper deg fram, sidan eg veit at du kan læra religionsbøkene dine når du berre vil. Det ville då også vera ein urett både mot presten og deg om eg kjøpte deg fram på det viset. Men om du var ein rett flink konfirmant, ville det ta seg annleis ut.» «Men eg har då lært leksene kvar einaste gong, mor, og dei andre er ikkje betre. De kunne då høyra meg av og til for sjølv å få vita det heilt sikkert,» svara eg. Det hadde ho ikkje tid til, og meinte dessutan at det var sjølvsagt at eg ikkje kunne læra leksene mine utan å sjå i boka

Overhøring i kyrkjelyden

Den neste sundagen hadde presten bestemt å overhøra konfirmantane i kyrkja med kyrkjelyden til stades. Då fekk dei høyra korleis det stod til med oss alle. I dette kjende eg meg heilt trygg. Me hadde no gått gjennom boka ein gong og teke til fram ifrå på nytt. Eg hadde ikkje berre lært boka frå ende til annan, men hadde også forklaringane

presten hadde gjort til kvar lekse fullkomne i minnet.

I alle ting som ikkje hadde med pengepungen og kjøkenet å gjera, tyktest presten å vera ein svært rettsindig og snill mann. Under overhøringa stilte han alltid spørsmåla sine særskilt til kvar einskild slik at den høgrøysta skrålarer, som eg ofte har sett, ikkje fekk ta ordet or munnen på den flinkare, men skye og forsiktige eleven når han hadde teke til med svaret. Kvar einskild måtte svara for seg sjølv. Og når nokon etter fleire forsøk og ulike måtar å stilla spørsmålet på til slutt vart svar skuldig, vart ordet gjeve fritt. Slik fekk den flinkaste ikkje berre høve til å svara for seg sjølv, men også for andre. Og når det røynde på som verst, hadde presten fått den vanen å venda seg til ein viss stad nede i rekkja med eit lite vink. Når kyrkjelyden hørte på, var han sjølvsagt takksam for eit rett svar når alle syntest å stå fast. For å ikkje få noko svar såg han på mest som eit nederlag for seg sjølv.

Surt ansikt, men søt ost

Den sundagskvelden var mor mi svært glad og nøgd. Og neste gong me møtte hos presten, fekk eg ein flott ost med til han. Etter å ha venta så lenge syntest han nok at det var lite (smør var eigentleg den rette gåva) og sette opp eit surt ansikt, som eg våga å hinta til at osten var søt. Denne halvskjulte vesle spøken hadde sin verknad. Munter tok han ein kniv for å smaka på osten, og såg ut til å meina at eg hadde rett. Gjennom sumaren kom eg til å stå på ein fortruleg fot med presten. Han hadde visst for lenge sidan gløymt historia med gåva og gjeve meg mangt eit lite prov på velvilje, særleg ved dei utførlege forklaringane ved utspørjing i katekisma. Difor, og fordi han også seinare viste velvilje, kan eg aldri minnst denne mannen med anna enn takksemd.

Konfirmasjonen

Under overhøringane vart sjølvkjensla mi av og til smigra ved at eg kunne svara på spørsmål som var retta til landhandlaren eller medhjelparen sin son utan å få svar. På konfirmasjonsdagen kom eg difor

til å stå rett etter desse notabilitetane. Son til medhjelparen var i grunnen ein tosk, men far hans var ein svært ærekjær (rangsjuk!) mann, og det ville ha vore ei nådelaus fornærming å stilla son hans nedanfor enkjas fattige son. Så småleg og snevert var synet den gongen, jamvel mellom dei leiande mennene av allmugen.

Då eg betalte dalaren min for konfirmasjonen, var presten så venleg å spørja om eg ikkje hadde lyst til å verta skulelærer. Som kapellan var det ikkje hans sak å styra med slike saker, men han hadde fått pålegg av soknepresten å gje melding til han om kven av konfirmantane han rekna for å passa til å ha slike heiderspostar i framtida. Eg hadde ikkje tenkt på dette, men svara at eg ville tenkja på det til eg hadde høyrte kva råd mor mi og nokre vener ville gje.

Rett nok hadde eg lyst til å læra alle mogelege ting, men all tida mi gjekk med til å skaffa kle og mat. Sundagane hadde eg rettnok fri, men eg kunne ikkje betala korkje for bøker eller undervisning. Så slik vart det verande den gongen.

Sjølvestudium

Om det let seg gjera, ville tanta mi at mor skulle utrusta meg så eg den vinteren kunne bu hos onkel min for å nytta godt av hans undervisning. Men straks etter konfirmasjonen var eg så uheldig å få eit stygt øksehogg i venstre foten. Musklane framme på ankelen var vortne så skada at ein trudde sikkert eg kom til å få ein stiv fot. Denne ulukka heldt meg ved huset størstedelen av vinteren, men heldigvis lakte det stygge såret seg utan at det vart nokon varig skade. Den tida eg såleis ikkje kunne vera med å bera høy eller hogga ved, nytta eg så godt eg kunne til å halda fram med lese-, skrive- og rekneøvingane mine. Men dessverre berre på eiga hand. Etter far min fanst det ein gammal, tysk bibel. Denne tok eg no fatt på. Og utan ordbok, utan grammatikk eller munnleg rettleiing arbeidde eg iherdig for å læra det tyske språket ved å jamføra vers for vers den tyske med den norske omsetjinga.

Skulelæraren mellom borken og veden

Mor tenkte å slutta med garden til våren, og då ville eg kunna fara kvar eg ville. Og sidan ho kjente til min naturlege hang til bøker, motsette ho seg ikkje at eg førebudde meg på å verta lærar. Ho hadde dei same fordomane som andre i si samtid og såg på omgangsskulelæraren si stilling som ei av dei aller dårlegaste, ei stilling som få andre enn vanføre og udugelege personar søkte. Dårlig løna (10 spesidalar for året) og endå dårlegare vørde var lærarane ei slag straff som bonden fann seg i å ta imot fordi han *måtte*. Og i mangt eit hus var det usikkert om skulelæraren eller legdslemet burde ha første rangen.

Mor tenkte slik: Dette bokvesenet passar for bonden omtrent som det tørre landet for fisken. Liksom fisken må enda sitt liv av mangel på vatn, må bonden mellom bøkene sine enda sitt liv av mangel på brød. Boklærdomen høyrer til stormannen. Alle dei lette næringsvegane høyrer til han og hans slekt. Og når du, min son, vil blanda deg inn i eit framandt yrke og pryda deg med lånte fjør, går det deg som det gjekk kråka mellom påfuglane. Du vert utstøytt or dei store sitt selskap, medan dine eigne standsbrør kjem til å forakta deg og nekta å ta deg opp i sin krins. Finst det eit lærar- eller lensmannsombod som kan fø sin mann, er ein stormannsson med veik hjerne sikker på å få det. Ein frisk kar kan som husmann skrapa saman nok til brødet han treng og vera akta mellom sine likemenn. Men ein omgangsskulelærar må finna seg i å setjast i klasse med Svein legdslem, og inga frisk jente i bygda vil dela armod og elende med han. Men sidan du no må sigla din eigen sjø og eg ikkje lenger har arbeid og brød å gje deg, vil eg ikkje tvinga deg. Eg veit at farbror din si gjerning har vore edel og god. Eg veit at han har ofra eige velvære og eigen føremon til beste for sine medmenneske, og at ein rastlaus arbeidsiver, ærlegdom og sparsemd alltid har kjenneteikna han. Men dette har ikkje kunna redda han frå makta i folkemeininga. Hans gode vilje er ikkje vorten påskjøna og arbeidet hans har ikkje fått si løn. Og det er fordi lærdomen og tenkjemaaten hans har fjerna han frå hans eigen stand, medan opphavet hans gjorde det umogeleg å verta oppteken i den herskande standen. Eg kan altså berre gje deg det rådet å læra godt det du tek til å læra,

og utføra med flid og truskap det du tek på deg å gjera. Og elles lyt du med tolmod finna deg i den urett og tilsidesetjing som vår samfunnsorden synest å påleggja oss.

Over øyrene forelska i bokverda

Så mørk som denne skildringa var, og så sann ho var med tanke på hennar tronge horisont, trudde eg likevel – eller i det minste håpa – at ho var litt overdriven. Ungdommeleg syn ser alltid så mykje vakkert og ynskjeleg i det ein har sett all sin hjartelengt i. Slik det går eit par fattige elskande som ikkje ser armoda og elendet som trugar om dei gifter seg, slik gjekk det også meg. Eg var over øyrene forelska i norsk stiløving og geografi, og ikkje noko kunne skremma meg frå å kasta meg i armane deira.

Straks eg var frisk att reiste eg difor til onkel min. Det var dels for å rådføra meg med han, og dels for å høyra om han ville lata meg arbeida for kosten medan han i fritimane gav meg undervisning. Her bør eg nemna at dei eldre brørne mine alltid hadde rådd meg frå og ofte drive beisk spott med den ville lysten min etter bøker. Så stundom vart eg gripen av otte for at eg kanskje spelte ei like låtteleg rolle som Don Quijote då han gav seg i kast med vindmølla - om eg den gong hadde kjent til heltedådane hans.

Ein hard skule

Det var ikkje skulelærer eg ynskte å verta. Utsiktene på den vegen var mørke og lite lovande. I grunnen hadde eg slett ikkje bestemt meg for noko sikkert i så måte. Kva det var som dreiv meg til boklege syslar, veit eg ikkje. Eg vil kalla det ein naturleg trong. Kanskje var det enno ein umedviten, ærekjær lengt etter å verta det den sunne fornuft tilsa at eg ikkje kunne verta. Eller det var ein veik avsky for å vera det eg etter stand og fødsel var bestemt til å verta. Nok er det. Eg måtte og ville sysla med lesing og skrivning same kor hardt mor mi og brørne mine irettesette meg for det.

Onkel – eldsjel og altmogelegmann

Onkel min hadde no slutta med skulearbeidet og fått seg ein liten husmannsplass der han kunne halda eit par kyr og avla nokre poteter. Men han dreiv ein snikkarverkstad som si eigentlege næring. Han var eit av desse menneska som ein i Amerika kallar «public spirited man», og var inderleg oppteken av å innføra nyttige reformer mellom bøndene. Liksom han tidlegare som lærar hadde arbeidd på den intellektuelle vegen for å utrydda fordomar ved allmennopplysning og åndsutvikling, ville han no fjerna mange skadelege fordomar og gamle bakvende reglar i åkerbruk og landbruk elles gjennom betre reiskapar og arbeidsmetodar. Til det føremålet hadde han sett opp ei smie attmed snikkarverkstaden sin - jamvel om han ikkje var smed - for å kunna levera plogar, harver, kinner, spadar, hakker og mange saker som enno ikkje var komne i bruk på desse kantar av landet. Dei var ikkje eingong å få utan at ein skreiv etter dei frå ein eller annan fabrikk på Austlandet.

Ei framtid som lærar?

Då eg besøkte han om våren, hadde han hendene fulle med å førebu den eigentlege drifta, som ikkje var komen i gang enno. Han sa at eg kunne få nok av hardt arbeid og ein enkel kost. Men noko anna undervisningstid enn den han nødvendigvis måtte bruka på å undervisa sine eigne born, kunne han ikkje ofra på meg. Og sjølv den tida måtte han no skjera sterkt ned på, men han håpa likevel at det ville verta betre når verkstaden stod ferdig.

Eg gjekk sjølv sagt inn på alle vilkåra, for her var det i det minste noko å læra som ikkje fanst hos den vanlege bonden. Kva ein der kunne læra, syntest eg nok eg hadde lært altfor vel. Som før nærte han enno ei varm interesse for undervisningsvesenet. Og jamvel om han sjølv var vorten løna med straff for det han hadde ofra i tenesta for allmugeskulen, ville han ikkje rå meg frå å slå inn på den vegen, dersom eg seinare kom til å finna ut at eg ville velja den.

For Stortinget hadde kome med ei ny skulelov – i 1837 trur eg – som

gav litt betre løn til lærarane og prøvde å gje dei høgare rang i samfunnet ved å krevja større daning og dugleik av dei. Etter denne lova skulle dei tidlegare klokkarembeta dragast inn etter kvart som klokkarane døydde. Den best skikka av lærarane i soknet skulle verta kyrkjesongar. Denne vesle inntektskjelda skulle bøta på den usle lærarløna, og den æra som var meint å følgja med klokkarposten skulle gje lærarstanden litt større vørndnad i allmugen. Og det var eit høgst nødvendig vilkår, både for å gjera lærarstanden si verksemd gagnleg, og for å få flinke, evnerike unge menneske til å velja denne standen.

Denne lova gjorde no også skiving og rekning til faste skulefag i tillegg til lesing. Men hovudsaka var og vart som før religionsundervisning. Og arbeidet til folkelæraren var katekismeoverhøyring, som krov grundig kjennskap til truslæra slik ho var delt inn i fem deler.

Ein liberal menneskeven

Etter å ha gjeve meg denne forklaringa, fortalte farbror min kor uheldig han hadde vore då han søkte å verta tilsett som kyrkjesongar og lærar ved den faste skulen i hovudsoknet då den gamle klokkaren døydde. Då som no hadde bøndene for vane å diskutera truslærdom når dei møttest i selskapeleg lag. Den som hadde lese mest i Bibelen og kunne gje dei beste forklaringane på vanskelege og til dels løyndomsfulle skriftstader, gjekk for å vera den klokaste. Farbror var ein menneskeven, full av kjærleik og medkjensle for andre, og difor fann han eit ideal for ideane sine i Kristus. Han skjemdest alltid når dei ekstra-ortodokse kom med sin hjartelause trusteeori utan gjerning og menneskekjærleik. Han var ein slags Henry Ward Beecher (8) som helst ville sjå frukt av ei kjærleg kristentru i det daglege. For å vera konsekvent ville han ikkje hengja seg fast i vanskelege knutar som kunne få han til å fordøma gode kristne og rettsindige menneske som hadde eit anna syn enn han på eit eller anna punkt. Med eitt ord: Han var for liberal i sitt religiøse syn for den tids mørke livssyn.

Baktale og hykleri

Nokre uheldige utsegner om den heilage skrifta hadde skaffa han fiendskap frå eit par fanatikarar på halsen. Den eine av dei var ein gammal, avgått skulelærer. Desse mennene forfølgde han med nådeløst hat, som dei naturlegvis kalla ihuge for den «rette trua» eller det ein no kallar den «reine læra». I deira munn vart orda hans vridne og mistyde, og dei sette snart ut dei verste rykte om vranglærdomen og kjetteriet hans. Dei mange ungdomane som hadde nytt godt av den gode undervisninga og venlege omgangen hans, var varmt lojale mot han. Dei aller fleste foreldra heldt av han og akta han langt annleis enn det var vanleg med dei usle omgangsskulelærarane. Men fiendane hans var slue og fekk i løyndom sett opp ein klage mot han. Klagen vart forsynt med ein del underskrifter der fleire var frå menn som ikkje hadde noka aning om kva dei skreiv under på.

Klagen vart levert til soknepresten, som var ein gammal, drikkfeldig mann som levde i dovenskap og overflod, og ynskte helst å sjå allmuken så uvitande og overtruisk som mogeleg. Den andre søkjaren til klokkar- og lærarposten etter den nye skulelova var son til klokkaeren som nett var død. Han var omtrent lika skikka som farbror min til å leia kyrkjesongen. Men i kunnskap, daning, lærardugleik så vel som varm interesse for skulestellet var han berre som eit barn samanlikna med farbror. Soknepresten ynskte sjølvstilt klokkarsonen, som hadde hatt ein far som høyrde til rumpa av herrestanden.

Då dei to søkjarane skulle møte samstundes hos prosten for å verta prøvde, sende soknepresten i tillegg til ei varm tilråding for klokkarsonen også klagen mot farbror for kjetteri. Klagen var vorten halden så strengt hemmeleg at farbror visste ingenting om han før prosten las han opp for han etter eksaminasjonen var ferdig. Prosten forklarte at han med sine kunnskapar og sjeldne lærardugleik ville vore sjølvskriven til posten han søkte, men på grunn av dette vitnemålet mot han var han vorten ubrukande som folkelærer.

Onkel kjende seg sårt vonbroten over denne tilsidesetjinga for ein doven og udugande lærar. Men mest krenkjande var det at han var vorten overlista på ein slik forakteleg måte ved ein hemmeleg klage.

Dersom han hadde visst om denne falske og vondsinna klagen, kunne han ha fått hundre respektable menn til å vitna mot kvar av dei inkompetente menneska som hadde skrive under.

Det var likevel korkje første eller siste gongen den mistydde iveren i hykleriet hadde forført folk til å gje sine eigne beste interesser eit farleg sår. Mest kvart blad i saga om kristendomen viser slike døme i langt større skala. I mest nitten hundre år har det halde fram med forfølgjing for religiøse meiningar. I vår tid brenner ein ikkje kjettarar på bålet eller steinar dei slik som før i tida. I vår tid og vårt land skjer forfølgjing meir med ord enn med gjerningar. Innbilte villfaringar har vorte forfølgde så lenge med eld og sverd at den blodtørstige hemnen til dei religiøse fanatkarane har vekt avsky hos folk. Og dei mildare sedene har forandra folkemeininga slik at det har vorte umogeleg for religiøst retthaveri å setja nokon på bålet. Å strekkja vranglærarar på pennens pinebenk eller setja dei i preikas gapestokk er no det høgste ein kan driva det til.

Når det hadde gått slik med det grønne treet, kva skulle det då verta av det tørre, tenkte eg då han enda forteljinga si. I mine auge var han den gong verkeleg det grønne treet som lærar mot det tørre, som eg ein gong torde håpa på å verta. Hadde eg hatt ulyst til lærarfaget før, så fekk eg det endå meir no.

Urimeleg herding

Eg vart no verande hos onkel i tre månader og måtte verkeleg gjera skil for kosten, for han var eit uvanleg arbeidsamt, nøkternt menneske. Med all sin hjartevarme kunne filosofien hans stundom føra til at han vart reint urimeleg både mot seg sjølv og dei som arbeidde saman med han. Tidleg ein morgon, før sola stod opp, drog me av garde før frukost, rodde ein fjerdingveg (9) over fjorden, gjekk så nok ein fjerding inn i skogen for å hogga ein del materialar som skogeigaren skulle kjøra ned til sjøen. Dette arbeidet vart me ikkje ferdige med før utpå ettermiddagen, og me kom ikkje heim før etter det var vorte mørkt etter å ha arbeidd av alle krefter heile dagen. Då eg vart utmatta av svolt og ofte var ferdig til å siga til jorda, lo han med sin vanlege,

eigne lått og sa det ville gjera oss godt både på lekam og sjel. For kvila er ikkje god utan ein er trøytt, og maten smakar ikkje utan ein er svolten. Og ein kan heller ikkje tenkja klart med ein mage full av halvmelta mat. Eg meinte likevel at det hadde vore menneskeleg om me hadde fått litt frukost før me for heimanfrå. Arbeidde og sveitta me hardt heile dagen utan middagsmat kunne eg ikkje skjøna at den klare tanken ville verta mørklagd av ein overfylt mage med umelta mat om me hadde fått ei skei kald havregraut med surmjølk om morgonen før me tok ut. Men eg gjekk no i skule og måtte ikkje visa ulydnad mot læraren min.

Ein annan gong hadde me rodd med ein stor båt ut fjorden til nokre bratte skoglier for å hogga alm til vognmateriale. Høvelege tre til det me trong fanst berre høgt oppe i lia der ein ikkje kunne koma med hest. Det var ein varm vårdag. Me arbeidde hardt, og skjorta vart gjennomvåt av sveitte. Me hadde ikkje noko å drikka, og tørsten var mest ikkje til å halda ut. Den gongen hadde me rettnok middagsmat med, men det var salt fisk og brød utan mjølk eller vatn. Då me skulle eta, føreslo eg difor at eg kunne springa ned til ei elv, som rettnok rann ein halv fjerdingveg nedanfor oss i dalen, for å henta drikkevatt, elles kom me til å setja livet til om me no skulle eta den salte fisken.

Men læremeisteren min hadde ei anna meining. Mennesket er heldigvis slik innretta at det ved vanen kan læra mest alt. Me burde venja oss til å halda ut, læra å overvinna vanskar i ungdomen så ville slike ting ikkje uroa oss når me vart eldre. Ved ei sterk viljekraft skulle me styrkja lekamleg veikskap og tøyma driftene. Så rett som denne filosofien var, kunne eg likevel ikkje leva etter han så urimeleg strengt som han meinte ein burde. Denne gongen braut eg alle skrankar og sprang ned til elva etter vatn. Utan det er eg mest sikker på at me den dagen ikkje hadde kunna fullføra det enorme arbeidet som enno stod att å gjera. For etter at trea var felte og kappa i svære stokkar, skulle dei rullast eller dragast nedover dei bratte liene til sjøen der me skulle lyfta dei opp i båten, for så å ro mest ei norsk mil attende om natta. Hadde eg ikkje alt frå tolvårsalderen vorte herda i ein liknande men mindre urimeleg skule når det gjaldt mat og drikke, ville eg naturlegvis ikkje kunna greidd prøven.

Eit lyspunkt

Då dei tre månadene var omme, kunne eg bruka øks, sag og høvel så pass at han tok meg med til ein rik bonde. Der hadde han teke på seg å setja opp ei møllesag, og eg fekk no høve til å arbeida for dagløn. Eg syntest då det alt hadde teke til å lysna så smått. Den kosten me fekk her, syntest eg var kongeleg samanlikna med det me var vant til. Dessutan var det ein verkeleg interessant familie som det var svært lett å omgåast.

Opphaldet her står enno som eit lyspunkt i minnet frå denne halvmørke og vaklande tida i ungdomslivet mitt. Eg lei no ofte av melankoli og motløyse som sette eit trist preg på heile mitt vesen. Inne i meg var ei sterk ånd som ville opp og fram, men vart fullstendig hindra og hemma i flukta av dei ytre, harde kåra. Eg kom til å stå mellom desse to kreftene som eit nedtrykt og vaklande vesen. Difor har eg heile tida sidan hugsa den venlege medkjensla og oppmuntringa eg fekk mellom dei unge i denne familien eg var komen i kontakt med.

Då slåttonna byrja, drog eg tilbake til heimbygda mi og arbeidde hos svoger min, som hadde ein god gard. Ved arbeidet på saga hadde eg hatt ei betre løn enn eg etter alderen kunne venta. Verbror min var god nok til å gje meg same løna for sumararbeidet slik at eg om hausten hadde spart saman nokre dalarar. Og mor mi heldt fram med å skaffa meg kleda eg trong. Då mor mi slutta med garden selde formyndaren min på auksjon alt lausøyre som skifteretten hadde tilkjent meg. Ho hadde like sidan far min døydd site i uskifta bu, som ein kalla det. Ved auksjonen vart varene selde til ein høg pris, og summen kom opp i 80 spesidalar i staden for 54 spesidalar som retten hadde vurdert det til. Denne vesle arven kunne eg ikkje ta mot før eg fylte 18 år, så han vart difor sett på renter i overformynderiet.

Ny skulevinter

Om hausten kom eg tilbake til farbror som no hadde fått verkstaden sin i full gang og greidde seg såpass at han kunne ofra litt meir tid på undervisning av borna, og eg fekk då samstundes litt undervisning. Eg

skulle no betala litt for kosten og attåt gjera ein del arbeid. På denne måten gjekk vinteren.

Læraren min sa no rett ut at det ville vera fånyttas for meg å arbeida særleg med skjønnskrift sidan eg aldri ville koma til å greia det noko nær fullkome i det faget. Sjølv hadde han vorte ovundra for teikning og skjønnskrift den tid han gjekk på den bergenske sundagsskulen. Det var ein slags polyteknisk anstalt (10) for fattige handverksgutar, og han måtte difor reknast som ein god autoritet i den saka. Difor arbeidde eg den vinteren særleg med rekning og med norsk og tysk språklære. Og i dei faga var han svært nøgd med framgangen min.

Notar:

1. *Luthers vesle katekisme som inneheld dei 10 bodorda, truvedkjeninga, Fadervår, dåpen, nattverden og skriftemålet.*
2. *Det fjerde bodet: Æra far din og mor di.*
3. *Nils Langeland (1795-??) Skule-Nils`n*
4. *Spesidalar var pengeeininga som vart brukt i Noreg frå 1560 til 1875. I 1875 var 1 spesidalar = 4 kr.*
5. *Langeland hadde utslåtter mellom anna på Fisje og Solheim. Utmarka det her er snakk om, er truleg Nyutløtræ. På den tid hadde Langeland seter på Setrafeta mellom Nyutløtræ og Dyrhovden. (Opplysningar gjevne av Knut N. Langeland.)*
6. *Eilert Sundt (1817-1875), norsk samfunns- og kulturforskar som m.a. granska levekår for allmugen og fattigfolk.*
7. *Stift = bispedøme*
8. *Henry Ward Beecher (1813-1887), amerikansk pastor som hevda Guds kjærleik står over alt anna i teologien. Kjempa mot negerlaveriet og for kvinneleg røysterett. I nær slekt med Harriet Beecher Stowe som skreiv «Onkel Toms hytte».*
9. *Fjerdingsveg/fjerdings = ¼ mil.*
10. *Polyteknisk anstalt – ein teknisk (høg)skule.*

Litt frå brevvekslinga til Knud Langeland

«Min kjære **Ven, Anderson!**» Slik byrjar mange av breva som Knud Langeland sende til venen sin, professor Rasmus Bjørn Anderson, og breva frå Anderson var like hjartelege. Han opna gjerne med *Min kjære gamle ven* når han skreiv til Knud.

Svein O. Aadland kopierte ein del av desse breva då han besøkte NAHA (Norwegian-American Historical Association) sine arkiv i Northfield, Minnesota.

Som me ser av førenamnet, var også Anderson av norsk ætt, - foreldra var immigrantar frå Noreg Sjølv vart han fødd i Amerika i 1846 og såleis mykje yngre enn Knud, men dei fann kvarandre gjennom felles interesser. Dei var begge noko opprørske i ungdommen og begge var ihuga motstandarar av slaveriet og skeptiske til presteskapet som sa at slaveri ikkje var gale i og for seg. Begge støtta såleis det republikanske partiet. Dei hadde begge gått på Albion College i Milwaukee og kjempa for å gjera tilhøva betre for studentane der, og ikkje minst arbeidde dei begge for at borna til innvandrarane skulle få skikkeleg skulegang.

Elles handlar breva mykje om arbeidet deira, og dei har nok gjort kvarandre ymse tenester opp gjennom åra. Nokre av breva er på engelsk medan andre er på norsk (dansk). Sitat frå dei som er på engelsk, er omsette til nynorsk her.

I eit brev som Knud skriv i september 1877, bed han Anderson om hjelp til at sonen James skal få ei stilling ved universitetet i Wisconsin. Etter å ha bede om dette og rekna opp alle som kan gje sonen gode attestar, skriv han:

Eg gjer sikkert for mykje ut av dette , -det er vel farskjærleiken som gjer meg veik, men det gjer meg stolt å tenkja på at James ein dag kanskje kan verta ein ressurs for universitetet dersom han får ei stilling der og lever lenge nok.

Me har ikkje Anderson sitt svar på dette brevet, men i oktober skriv Knud tilbake. For oss i dag verkar det noko rart at det skulle vera så vanskeleg å få teke bilete av seg. Det er nokså kort, så me gjev att heile brevet her.

Min kjære sir!

I dag må eg senda deg nokre liner og takka for det venlege brevet ditt og for biletet du sende. Lat meg seia at ei meir velkomen gåve kunne du ikkje ha sendt oss. Me har samla ein del bilete av venene våre og me var så glade for å kunna ha ditt mellom dei. Eg er lei for å seia det, men eg har ikkje noko bilete av meg sjølv. Kona mi har ofte snakka med meg om dette, men etter å ha prøvd to gonger for 15 og 20 år sidan på å få til noko som likna, gav eg det opp. Men eg får vel prøva ein gong til før eg dør, og då skal du sjølvsgt få eit.

Frå din trufaste ven K. Langeland

PS. Eg legg ved eit bilete av James.

I 1887, mindre enn eit år før han dør, skriv Knud eit langt brev til Anderson som no er USA sin ambassadør i Danmark. Han fortel at han har vore sjuk og sengeliggjande og at han ikkje har kunna skrive før på grunn av *tiltagende Legemssvaghed*. Her takkar han for all støtte og hjelp som Anderson har gjeve han i ei spesielt vanskeleg sak. Han kjem også inn på boka som han held på med, og at han har vanskar med å få ein forleggjar til å trykkja boka.

Knud var svært sjuk, kjende at kreftene minka og trudde kanskje det gjekk mot slutten. Han som før hadde ført pennen så fast og sikkert, strevar no med å skriva og skrifta er knudrete og skriven av ei ustø hand. Han sluttar brevet slik:

Det glæder mig usigelig at det gaar dig vel og at du er glad og lykkelig i din nye Stilling. Glem aldrig dit vakre Motto: «Lad os opelske det Gode og tie det Onde i hjel» Og nu et hjerteligt Farvel og tak for alt. Din gamle ven K. Langeland

Berre eit par veker etterpå får han svar frå Anderson. Om Anderson

kan ha hatt noko å gjera med utgjevinga av boka til Knud, går ikkje fram av brevet, men boka vart i alle fall trykt og kom ut på nyåret i 1888, berre to-tre veker før Knud døydde.

Andereson uttrykkjer kor glad han vart for å få brevet frå Knud. Han skriv vidare:

Jeg føler mig knyttet til dig ved mange ømme Baand, og særligt staar jeg i stor Taknemmelighedsgjæld til dig fordi du tog dig af mig da saa mange andre vendte mig Ryggen. Da jeg for 21 Aar siden til Sommeren begynte ved Albion Academy, kom den første hjelpende Haand og det første opmuntrende Ord fra dig.

«Skandinaven» som Blad og jeg som Lærer er lige gamle. Det var vist ikke gaaet mig saa vel i Albion, mit Arbeid havde ikke så snart baaret Frugt hvis ikke du havde hjulpet mig med opmuntrende Omtale, dertil var mine Fiender for mange og for stærke.

Slik held han fram med å rosa Knud utover i brevet, og det syner oss at Knud var ein som hadde omtanke for og tykte synd i dei som streva. Brevet sluttar slik:

*Endnu en gang: Tak kjære gamle Ven for alt det du har gjort for mig. --- Når jeg kommer hjem paa besøg til neste Vaar, haaber jeg at tale med dig og trykke din kjære Haand. Lev vel.
Venskabeligst R.B. Anderson*

No gjekk det ikkje slik at dei fekk møtast att. Knud Langeland døydde den 8. februar 1888.

Ein av sønene til Knud skriv i eit brev til Anderson den 12. mars 1888:

Som du truleg har fått vita for lenge sidan, døydde far den 8. februar etter ein lang og pinefull sjukdomsperiode. Hadde han fått leva, er eg sikker på at han ville vore svært takksam for brevet ditt der du talar så vakkert om boka hans som kom ut berre to-tre veker før han døydde. Han fullførte boka med store vanskar då ein stor del av henne vart skriven medan han var ridd av sterke smerter og greidde mest ikkje halda ein penn. Noko av boka dikterte han til og med til meg – og det

var slett ikkje ei slik bok han hadde tenkt å skriva om han hadde teke til med oppgåva tidlegare. Likevel sette han stor pris på og var takksam for måten boka vart motteken på. Det at han døydde med denne vissa om at arbeidet hans var fullført og at det vart sett pris på, er ei trøyst for oss som sit att. Me er berre lei oss for at han ikkje fekk glede av å høyra din gode dom over boka.

Lat meg på vegne av mor og resten av oss få takka hjarteleg for det venlege brevet ditt og for den fine, danske utgåva av boka di, Norse Mythology, som me fekk for eit par dagar sidan og som me skal ta vare på for sin store eigenverdi og som eit minne frå ein av far sine mest trugne og verdsette vener.

Your's very truly

Jos. Langeland

Kva har hendt i Samnanger historielag i 2015?

Januar / februar: Treskoprosjektet Olav B. Lien , Helge Hisdal og Arne Høyland (fotograf) vart slutført.

Så hadde Helge nokre dagar hos navarsmed Johannes Fosse på Holsnøy for å læra å smi treskovektøy. Det er ikkje å få kjøpt.

Styremøte og førebuing til årsmøte 4.mars.

På årsmøtet vart fylgjande personar valde:

Helge Hisdal	leiar
Anne Frøland	nestleiar
Audhild Aadland Olsnes	skrivar
Solvor Aadland	kasserar
Norvald Gjerde	styremedl.
Tor Wold	vara
Sture Tveit	vara

Helge Hisdal var utsending frå Samnanger historielag til årsmøtet for Hordaland sogelag på Bømlø og vart der vald som 1 av 5 utsendingar frå Hordaland sogelag til Landsmøte for lokalhistorie i Bø i Telemark i slutten av juni.

Hordaland sogelag markedsførte meg som instruktør i treskoggraving. Dermed hamna eg på treseminar på Dovre, trebåtfestival i Norheimsund, Etnedagane. Dessutan har eg halde treskokurs på Tysnes og Stord.

På denne måten vert Samnanger historielag omtala mange stader og i fleire lokalaviser.

14. Juni skipa historielaget sin vanlege vartur. I år var turen Osterøy rundt. Me hadde som vanleg gamal blåbuss med samning som sjåfør. Me fekk bygdebokforfattar/lærer Geir Kleiveland som guide etter Osterøybrua. Me vitja Havråtunet, Osterøy museum og den gamle Hamrekyrkja. Me rakk også eit godt måltid på Osterøykroa i Lonevåg. Turen heimatt gjekk med ferja Ole Bull frå Valestrand til Breistein.

Botnahytta

Endeleg kom restaureringa i gang ved Vestnorsk bygningsvernsenter som er ein underavdeling av fylkeskonservator /riksantikvar. Trond Oalann vart ansvarleg for arbeidet og var ein dyktig laftesjef. Det var lite samningar med

på arbeidet, men osingar og Trond frå Arna fullførde arbeidet.

Samnanger turlag og historielaget rydja veg og sti før opning samt ein del anna arbeid.

Kulturminneplanen i Samnanger som historielaget var med og laga, var nok ein av grunnane til at Riksantikvaren fekk interesse for hytta og gav 200 000 kr til restaureringa.

Den offisielle nyopninga var fredag 18. september, midt på dagen, med både ordførar og kultursjef samt brukarar av hytta under krigen og etterkomarane deira. Det var ikkje så mange «arbeidsfolk» som kunne koma midt i arbeidstida. Me skipa difor ein fellestur saman med pensjonistlaget laurdag 24. okt. Då kunne dei koma som ikkje fekk med seg opningsdagen, men det vart berre 8 personar som møtte.

Hoppbakkar

Me har etter eigne planar og oppmoding frå kultursjefen prøvd å registrera stader der det har vore hoppbakkar i Samnanger.

Til no er det registrert og stort sett kartplassert 58 bakkar der det vart hoppa mellom 10 og 57 meter. Med omtale i Samningen oppmodar me folk til å leita fram gamle bilete frå hopping, eller hopphistoriar. Har du noko: Kontakt Helge Hisdal tlf 90073248

Haustforedrag

Onsdag 21. okt. hadde me foredrag av Øyvind Neteland frå Kvam. Tittelen var «Hesteskyss over Kvamskogen i gamal tid».

Han er 3. generasjon Neteland bonde med særskild interesse for lokalhistorie.

Det vart ein interessant kveld, med kaffi og vaflar for dei ca 30 frammøtte.


Julamessa

Laurdag 7. nov vert det julamessa i Grendahuset. Då vert det også bokslepp med Årboka for 2015.

TAKK!

Samnanger historielag vil takka alle som har hjelpt oss med arrangement, samarbeidd og delt informasjon med oss. Spesiell takk til Anton Drønen for at me får bruka lokala hans både til møte og lager.

Med takk for godt samarbeid i 2015,
for Samnanger historielag
Helge Hisdal -leiar-



Samnanger historielag